

**2025 — 2037**

**KONSEKVENSGREIING**

**Kommuneplanen sin arealdel  
for Gol kommune**



## Innhald

Samandrag.....	5
Bakgrunn .....	7
Innleiing.....	7
Proessen.....	8
Kva som blir konsekvensutgreidd.....	8
Metode for konsekvensutgreiing .....	8
Konsekvensutgreiing .....	8
Kunnskapsgrunnlag .....	9
Vurdering av konsekvens.....	10
Vurderingskriterium .....	10
Samla vurdering og konklusjon .....	12
1. Søråsen.....	13
1.1 Rauddalen.....	13
Samla konsekvensar for Søråsen.....	14
2. Herad .....	15
2.1 Halli, 5/26 – B-1 .....	15
Samla konsekvensar for Herad.....	16
3. Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense .....	17
3.1 Åsgardane barnehage, 11/48 – KBA-3.....	17
3.2 Åsgardane, 12/1 og 12/4 .....	19
3.3 Smøget, 9/34 – RU-5 .....	21
3.4 Hamarstad – FB-7 .....	23
3.5 Tretteskogane, 25/50 – FB-16 .....	25
3.6 Bjørkum, 28/48 – FB-16.....	27
3.7 Bjørkum, 5/101 – FB-2.....	29
3.8 Johannesdalen, 12/2 – FB-6 .....	30
3.9 Tubbehaugen camping, 28/23 – FTU-3 .....	32
3.10 Røyseskogen – FB-23 .....	34
3.11 Furuhyttremmen, 13/17 – område 2 .....	36
3.12 Furuhyttremmen, 13/17 – område 3 .....	37
3.13 Nystølfjellet, 4/136 – FB-1.....	38
Samla konsekvensar for Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense .....	39
4. Golsfjellet aust.....	40

4.1	Storefjell, 24/65 – KBA-6 .....	41
4.2	Einarset, 24/9 – FB-9 .....	43
4.3	Kamben, 11/15 – FB-27 .....	45
4.4	Kamben, 10/316 – FB-28 .....	46
4.5	Kamben, 23/32 – FB-29 .....	48
4.6	Ørterestølen – NÆ-6.....	50
4.7	Ørterstølen, 4/7 – KBA-8 .....	51
4.8	Storefjell – Bualie – samanbinding skiheis, 10/6 – IDR-1.....	53
4.9	Bualie vest, 13/20 – FB-21 .....	55
4.10	Bualie midt, 13/20 – FB-24 .....	57
4.11	Buo, 13/21 – FB-22 .....	59
4.12	Bualie nord, 13/20 – FB-20.....	61
4.13	Guriset, 13/265 næring .....	63
4.14	Guriset, 13/15 – NÆ-2 .....	64
4.15	Guriset, 13/265 fritid – FB-10 .....	65
4.16	Oset, 23/11 og 23/92.....	67
4.17	Oset, 23/11.....	68
4.18	Oset Høyfjellshotell, 23/208 – KBA-9 .....	69
4.19	Oset/Tisleia, 13/265 – FB-30 .....	71
	Samla konsekvensar for Golsfjellet aust.....	72
5.	Golsfjellet vest.....	74
5.1	Løggestølen, 38/21 – FB-26 .....	75
5.2	Auenhauglie, 46/31 .....	77
5.3	Auenhauglie, 29/1 – FB-25 .....	78
5.4	Auenhauglie, 25/33 – FB-25 .....	79
5.5	Auenhauglie, 27/25 nord.....	80
5.6	Auenhauglie, 27/25 sør – FB-17 .....	82
5.7	Auenhauglie, 29/2 – FB-25 .....	83
5.8	Golsfjell Fjellstue, A1, 37/9 – FB-25.....	84
5.9	Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8 .....	85
5.10	Lauvsjø, 38/3 .....	87
5.11	Lauvsjø, 35/12, FB-32 .....	88
5.12	Lauvset, ved Blakkestad hyttefelt, 28/2, FB-18 .....	89
5.13	Lauvset, ved Sagabråten seter, 33/12 , FB-19 .....	90

5.14	Fuglehaugen – IDR-2.....	91
5.15	Granheim, 50/2 og 3, FB-31.....	93
	Samla konsekvensar for Golsfjellet vest.....	94
6.	Skaraåsen .....	96
6.1	Nystølsameiga, 17/72, FB-15.....	96
	Samla konsekvensar for Skaraåsen .....	98
7.	Rotneim .....	99
7.1	Rotneim barnehage, 17/109 – KBA-10 .....	100
7.2	Vernefoss, 17/20 og 17/238.....	102
	Samla konsekvensar for Rotneim .....	103
8.	Golreppen — Øygdane.....	104
8.1	Skaga, 23/6 og 23/125 – T-1.....	105
8.2	Gol kyrkje, 28/10 og 33/1, GU-1.....	106
8.3	Håving camping, 41/70, FTU-6 .....	107
8.4	Øygdane barnehage, 47/37 og 47/38, FTU-5 .....	108
	Samla konsekvensar for Golreppen – Øygdane .....	109
9.	Samla konsekvensar for kommunen .....	110
9.1	Tap av LNF-område.....	110
9.1.1	Tap av dyrka mark .....	110
9.1.2	Tap av dyrkbar mark.....	112
9.1.3	Tap av myr .....	118
9.2	Stølsdrift .....	120
9.3	Endring av byggeområde.....	121
9.4	Konklusjon .....	122

## Samandrag

I samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel for Gol, er det utarbeidd konsekvensutgreiing av innspel til nye utbyggingsområde. Rapporten er lagt opp slik at konsekvensar er vurdert for kvart område. Arbeidet er utført av administrasjonen i Gol kommune.

Innspel vart sendt inn frå private og offentlege interessentar i samband med varsel om oppstart. Til saman kom det inn 58 arealinnspel og to andre innspel frå private. Alle innspela er gjennomgått, og innspel som bryt med overordna føringar for planarbeidet, er ikkje konsekvensutgreidd.

Til saman er 51 område greidd ut, og av dei er 27 område tilrådd og 24 ikkje tilrådd.


Innspel	Tilråding	Vilkår
<b>1.1 Rauddalen</b>	Kan ikkje tilråddast	
<b>2.1 Halli, 5/26</b>	Kan ikkje tilråddast	
<b>3.1 Åsgardane barnehage, 11/48</b>	Kan tilråddast	
<b>3.2 Åsgardane, 12/1 og 12/4</b>	Kan ikkje tilråddast	
<b>3.3 Smøget, 9/34</b>	Kan tilråddast	Innspelet reduserast
<b>3.4 Hamarstad</b>	Kan tilråddast	
<b>3.5 Tretteskogane, 25/50</b>	Kan tilråddast	Innspelet reduserast til den austre enden av eksisterande byggeområde
<b>3.6 Bjørkum, 28/48</b>	Kan tilråddast	Innspelet reduserast til den austre enden av eksisterande byggeområde
<b>3.7 Bjørkum, 5/101</b>	Kan tilråddast	Innspelet reduserast til der eksisterande byggeområde knekkjer mot vest
<b>3.8 Johannesdalen, 12/2</b>	Kan tilråddast	Innspelet reduserast til å gjelde sørsida av vegen
<b>3.9 Tubbehaugen camping, 28/23</b>	Kan tilråddast	Dersom campingdrifta blir lagt ned, skal dagens dyrka mark førast tilbake til dyrka mark
<b>3.10 Røyseskogen</b>	Kan tilråddast	
<b>3.11 Furuhyttremmen, 13/17 — område 2</b>	Kan ikkje tilråddast	
<b>3.12 Furuhyttremmen, 13/17 — område 3</b>	Kan ikkje tilråddast	
<b>3.13 Nystølfjellet, 4/136</b>	Kan ikkje tilråddast	
<b>4.1 Storefjell, 24/65</b>	Kan tilråddast	
<b>4.2 Einarset, 24/9</b>	Kan tilråddast	
<b>4.3 Kamben, 11/15</b>	Kan tilråddast	
<b>4.4 Kamben, 10/316</b>	Kan ikkje tilråddast	
<b>4.5 Kamben, 23/32</b>	Kan ikkje tilråddast	Innspelet blir unnateke rettsverknad
<b>4.6 Ørterestølen</b>	Kan tilråddast	
<b>4.7 Ørterestølen, 4/7</b>	Kan tilråddast	
<b>4.8 Storefjell – Bualie – samanbinding skiheis, 10/6</b>	Kan tilråddast	
<b>4.9 Bualie, 13/20 vest</b>	Kan tilråddast	Innspelet reduserast til ikkje å gjelde eksisterande skiheis og myr

<b>4.10 Bualie, 13/20 midt</b>	Kan ikkje tilrådest	Innspelet blir unnateke rettsverknad
<b>4.11 Bualie, 13/21</b>	Kan tilrådest	Innspelet reduserast til å ikkje gjelde dyrkbar mark
<b>4.12 Bualie, 13/20 nord</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>4.13 Guriset, 13/265 næring</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>4.14 Guriset, 13/15</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>4.15 Guriset, 13/265 fritid</b>	Kan tilrådest	Innspelet reduserast til sørenden av eksisterande bebyggelse
<b>4.16 Oset, 23/11 og 23/92</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>4.17 Oset, 23/11</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>4.18 Oset Høyfjellshotell, 23/208</b>	Kan tilrådest	Innspelet reduserast for å unngå myr
<b>4.19 Oset/Tisleia, 13/265</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.1 Løggestølen, 38/21</b>	Kan tilrådest	Innspelet reduserast til å ikkje gjelde 100-metersgrense til vassdrag
<b>5.2 Auenhauglie, 46/31</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.3 Auenhauglie, 29/1</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.4 Auenhauglie, 25/33</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.5 Auenhauglie, 27/25 nord</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.6 Auenhauglie, 27/25 sør</b>	Kan tilrådest	
<b>5.7 Auenhauglie, 29/2</b>	Kan ikkje tilrådest	Innspelet reduserast til å ikkje gjelde dyrkbar mark
<b>5.8 Golsfjell Fjellstue, A1, 37/9</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.9 Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.10 Lauvsjø, 38/3</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.11 Lauvsjø, 35/12</b>	Kan tilrådest	
<b>5.12 Lauvset, ved Blakkestad hyttefelt, 28/2</b>	Kan tilrådest	
<b>5.13 Lauvset, ved Sagabråten seter, 33/12</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>5.14 Fuglehaugen</b>	Kan tilrådest	Smøget skytebane blir teke ut av kommuneplan
<b>5.15 Granheim, 50/2 og 3</b>	Kan tilrådest	
<b>6.1 Nystølsameiga, 17/72</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>7.1 Rotneim barnehage, 17/109</b>	Kan tilrådest	
<b>7.1 Vermefoss, 17/20 og 17/238</b>	Kan ikkje tilrådest	
<b>8.1 Skaga, 23/6 og 23/125</b>	Kan tilrådest	Området blir redusert til å ikkje gjelde dyrka og dyrkbar mark
<b>8.2 Gol kyrkje, 28/10 og 33/1</b>	Kan tilrådest	
<b>8.3 Håving camping, 41/70</b>	Kan tilrådest	
<b>8.4 Øygardane barnehage</b>	Kan tilrådest	

## Bakgrunn

### Innleiing

I samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel for Gol, er det utarbeidd konsekvensutgreiing av innspel til nye utbyggingsområde. Kommuneplanen sin arealdel for Gol gjeld for heile Gol kommune utanom Gol tettstad. Gol tettstad er omfatta av sin eigen plan, Kommunedelplan for Gol tettstad.



*Figur 1: Figuren viser gjeldande Kommuneplanen sin arealdel for Gol. Gol tettstad, merka med kvit farge, gjeld ikkje for Kommuneplanen sin arealdel for Gol.*

Rapporten er lagt opp slik at konsekvensar er vurdert for kvart område. Til slutt er det lagt opp til ei samla vurdering, der ein ser heilskapleg på heile kommunen sine eksisterande og nye utbyggingsområde. Arbeidet er utført av administrasjonen i Gol kommune.

Meir informasjon om planarbeidet med kommuneplanen sin arealdel, kan sjåast på Gol kommune sine heimesider: [www.gol.kommune.no](http://www.gol.kommune.no).

## Prosessen

Det vart varsla om oppstart av arbeid med Kommuneplanen sin arealdel for Gol 10. november 2018, samstundes som planprogram for kommuneplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn.

Overordna føringar som skal danne grunnlag for arbeidet med kommuneplan, vart vedteke i Formannskapet 17. januar 2019, som sak 3/19. Planprogram vart vedteke i Kommunestyret 19. februar 2019, som sak 8/19. Frist for innspel til kommuneplanen var 23. april 2019.

Dei overordna føringane vart brukt som utgangspunkt for ein grovsilingsprosess. Innspel som er i strid med dei overordna føringane, vart fjerna etter vedtak i Formannskapet 31. oktober 2019, som sak 45/19. Enkelte innspel som var delvis i strid med overordna føringar, vart redusert, slik at dei ikkje lenger er i strid med overordna føringar.

Totalt kom det inn 58 arealinnspel og to andre innspel. 14 innspel vart forkasta i grovsilinga, og 7 innspel vart redusert i grovsilinga. Resten av innspela gjekk vidare til konsekvensutgreiing.

Etter vedtaket om grovsiling i Formannskapet, har administrasjonen konsekvensutgreidd alle innspel som ikkje er i strid med overordna føringar. I konsekvensutgreiinga har enkelte innspel vorte delt opp, då dei er naturlege å sjå på som eigne område. Totalt har administrasjonen konsekvensutgreidd 50 forskjellige område.

## Kva som blir konsekvensutgreidd

På kommuneplannivå, skal alle nye område for utbygging, samt føremålsending av eksisterande byggeområde, bli konsekvensutgreidd, jamfør plan- og bygningslova § 4—2.

Omfanget av vurdering av kvart enkeltområde vil vere avhengig formålet med innspelet, kva storleik området har, konfliktnivå og omfanget av verknader både innanfor og i eit definert influensområde utanfor kvart enkelte område.

## Metode for konsekvensutgreiing

### Konsekvensutgreiing

Administrasjonen har brukt Miljøverndepartementet sin rettleiar «Konsekvensutredninger — Kommuneplanens arealdel» (2012) som grunnlag for analysen. Rettleiaren vektlegg at det blir gjort ei vurdering av kva konsekvensar det aktuelle innspelet/endinga får med fokus på strategiske problemstillingar og tema. Utgreiinga skal gi eit godt nok grunnlag for å avgjere om det aktuelle området er eigna til føreslått arealbruk.

### Prinsippa i metodikken i Statens vegvesen sin handbok v712

Med utgangspunkt i eksisterande grunnlagsmateriale er verdiane i dei forskjellige områda kort omtalt. Det er også teke omsyn til verdier i nærleiken av områda (influensområde). Deretter er det gjort ei vurdering av omfanget som tiltaket vil kunne gi. Omfanget er vurdert etter fagspesifikke kriterium.

Omtale av verdi

Registrerte verdiar innan kvart område og i eit tilpassa influensområde er omtala og verdivurdert etter kriteria som er omtala i eige avsnitt, jf. vurdering av omfang. Verdien er vurdert på ein skala frå 1—3.

Vurdering av omfang

Ved vurdering av omfang, er det gjort ei heilskapleg vurdering, basert på avgrensing av området, føremålet med innspelet, topografi, omtale av verdi og lokalkunnskap.

Vurderingane er gjort ut ifrå ein referansesituasjon som inkluderer vedtekne planar. Omfang er vurdert på ein skala frå -3 til +3.

Tabell 1: Konsekvenstabell

Omfang/verdi	1 (liten verdi)	2 (middels verdi)	3 (stor verdi)
+3 (stort positivt omfang)	1/+3	2/+3	3/+3
+2 (middels positivt omfang)	1/+2	2/+2	3/+2
+1 (litt positivt omfang)	1/+1	2/+1	3/+1
0 (inga omfang)	1/0	2/0	3/0
-1 (lite negativt omfang)	1/-1	2/-1	3/-1
-2 (middels negativt omfang)	1/-2	2/-2	3/-2
-3 (stort negativt omfang)	1/-3	2/-3	3/-3

## Kunnskapsgrunnlag

Tema	Kunnskapsgrunnlag	Vurdering
Landskap/ Kulturlandskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Overordna føringar for KP</li> <li>- Topografiske kart</li> <li>- Ortofoto</li> <li>- Hellingskart</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konsekvensar for landskapsrom</li> <li>- Visuell konflikt med omgjevnader</li> </ul>
Naturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Uttak frå Artsdatabanken</li> <li>- Miljødirektoratet sine wms-tenester</li> <li>- Overordna føringar for KP</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konfliktgrad i høve til direkte arealbruk, randeffekt og korridorar</li> <li>- Om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova</li> </ul>
Kulturminne/ Kulturverdiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Uttak frå Kulturminnesøk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Direkte arealkonflikt, samt visuelle effektar i høve til kulturmiljø</li> </ul>
Landbruk	<ul style="list-style-type: none"> <li>- NIBIO sine kartløyisingar Kilden og Gårdskart</li> <li>- Økonomisk kartverk (ØK)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Omdisponering av dyrka mark, innmarksbeite og dyrkbar mark</li> <li>- Driftsulemper og punktering av heilskaplege område</li> <li>- Skogbonitet</li> </ul>
Friluftsliv og leikeområde	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Verdssetjing av friluftsområde i Gol</li> <li>- Ut.no sin kartløyising</li> <li>- Eksisterande kommuneplan</li> <li>- Kommunen sitt kartgrunnlag for skiløyper og merka turstigar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konfliktgrad i høve til friluftsområde</li> <li>- Tilgang til friluftsområde</li> </ul>
Støy og ureining	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vann-nett sin kartløyising for vassførekomstar</li> <li>- Støysoner for riks og fylkesveggar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilstand på bekkefelt med konsekvensar for utbygging</li> <li>- Vurdering av støy</li> </ul>

	- Kart over vegar	
Teknisk infrastruktur	- VA-datasett frå Gol kommune - Hovudplan for avløp og vassmiljø - Lausmassekart - Overordna føringar for KP	- Avstand til offentleg VA-nett - Lokalisering i høve til tenester og anna infrastruktur - Grunnforhold
Næringsutvikling	- Overordna føringar for KP - Kommuneplan for Gol — Samfunnsdelen	- Avstand til tenester - Innanfor/utanfor satsingsområde for reiseliv
Samfunnstryggleik	- NVE Atlas med aktsemdområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred og flaum - Overordna ROS-analyse for Gol kommune 2017	- Tek utgangspunkt i risiko- og sårbarheitsanalysen.
Strategi for framtidig arealbruk	- Overordna føringar for KP - Eksisterande kommuneplan - Eksisterande reguleringsplanar	- Bruk av jomfrueleg areal eller fortetting/utviding av eksisterande område - Avstand til offentlege tenester - Skuleskyss

## Vurdering av konsekvens

Kriteria for vurdering av konsekvens i tabellen for dei forskjellige områda er vurdert for kvart tema og ein gitt farge. Vurderinga er basert på ein verdifastsetjing for dei ulike tema, kopla til eit forventa omfang av endring for verdiane ved utbygging. Fargane indikerer følgjande:

	Negativt
	Delvis negativt/usikkert
	Positivt/inga relevans

For kvart tema er det utarbeidd kriterium for vurdering. Som det går fram av dei ulike tema, har kvar fargekategori eitt eller fleire kriterium. For å oppfylle krava for fargesetjing, må ikkje alle kriteria vere oppfylt. Til dømes kan eit område vurderast til raudt under tema, sjølv om berre støy slår ut av dei to kriteria.

## Vurderingskriterium

### Landskap/kulturlandskap:

Raud: Utbygging gjer inngrep i (urørt) landskapsrom med spesielt gode kvalitetar. Området har tydeleg eksponeringspotensial mot utbygde område og/eller viktige utfartsområde. Eineståande landskap i Gol eller gjer inngrep i urørt landskapsrom med særskilde gode kvalitetar.

Gul: Utbygging gjer inngrep i landskapsrom med typiske kvalitetar for området. Området har delvis eksponeringspotensial mot utbygde område og/eller viktige utfartsområde.

Grøn: Utbygging er tilpassa landskapsrommet. Området har lite eller ikkje eksponeringspotensial mot utbygde område eller viktige utfartsområde.

**Naturmiljø:**

Raud: Raudlista artar og/eller viktige naturtypar i området.

Gul: Nærleik til raudlista artar, verneområde eller viktige naturtypar.

Grøn: Ikkje registrert spesielle artar eller naturtypar i området.

**Kulturminne/kulturverdiar:**

Raud: Direkte i kontakt med registrerte kulturminne/-miljø.

Gul: Kan komme i visuell kontakt med registrerte kulturminne/-miljø.

Grøn: Ikkje registrert kulturminne/-miljø i området. Kunnskapsgrunnlag?

**Landbruk:**

Raud: Jordbruksareal (dyrka mark eller innmarksbeite).

Gul: Har vore landbruksareal eller delar av området er jordbruksareal. Potensielt jordbruksareal. Området er dyrkbart.

Grøn: Ikkje landbruksareal.

**Friluftsliv og aktivitetsområde:**

Raud: Utbygging vil øydeleggje friluftsområde eller svekke tilgangen.

Gul: Utbygging vil kunne ha negativ innverknad på friluftsområde.

Grøn: Utbygging har ingen negativ innverknad på friluftsliv. Utbygginga er positiv for friluftsliv. Nærleik til turstiar og turområde.

**Støy og forureining:**

Raud: Mykje støy i området og/eller tiltaket vil føre til auka støy kan ha negative konsekvensar for nærområdet. Tiltaket vil ha negative konsekvensar med tanke på forureining.

Gul: Området kan få tilfredsstillande støymålingar ved gjennomføring av tiltak. Tiltaket kan ha negative konsekvensar med tanke på forureining.

Grøn: Liten grad av støy i området og/eller tiltaket vil ikkje føre til ny støy. Tiltaket truleg ikkje ha negative konsekvensar med tanke på forureining.

**Teknisk infrastruktur:**

Raud: Dårleg/ingen infrastruktur i området. Vanskeleg/ingen tilkomst.

Gul: Mangelfull infrastruktur. Ikkje VA-nett.

Grøn: Infrastruktur i orden. Kan nytte eksisterande infrastruktur, god tilkomst.

**Næringsutvikling:**

Raud: Langt unna tenester, utanfor satsingsområde for reiseliv (for fritidsbusetnad).

Gul: Nære tenester, utanfor satsingsområde for reiseliv (for fritidsbusetnad).

Grøn: Nære tenester og/eller innanfor satsingsområde for reiseliv (for fritidsbusetnad).

**Risiko og sårbarheit:**

Temaet er ein oppsummering frå ROS-analysen.

Raud: Det er ikkje trygt å bygge/ferdast i området.

Gul: Dårleg tilknytning til samfunnet, usikker tilkomst. Potensielt utrygt å bygge/ferdast i området.

Grøn: Ingen kjende farar knytt til området, trygt å bygge/ferdast i området. Sikker tilkomst.

**Strategi for framtidig arealbruk:**

Raud: Direkte i strid med strategi for framtidig arealbruk. Lang avstand til skule og/eller aktivitetar.

Gul: Delvis i strid med strategi for framtidig arealbruk. Lang avstand til skule og/eller aktivitetar.

Grøn: I tråd med strategi for framtidig arealbruk. Kort avstand til skule og aktivitetar (for bustader).

## Samla vurdering og konklusjon

Basert på dei faglege vurderingane er det gjort ei samla vurdering, med tilrådingar og forslag til avbøtande tiltak. Det er gjort ei samla vurdering av konsekvens basert på resultatane av vurdering av konsekvens for dei forskjellige tema, fagleg skjønn og lokalkunnskap. I konklusjonen er det nytta tre kategoriar:

- Tiltaket kan tilrådest.
- Tiltaket kan tilrådest, men før vedtak bør det gjerast grep og/eller endringar til dømes i form av reduksjon av areal, rekkefølgekrav m.m.
- Tiltaket kan ikkje tilrådest. I nokre tilfelle kan avbøtande tiltak gjere at tiltaket likevel kan gjennomførast. Dette vert nemnd spesifikt.


I konsekvensutgreiinga har kommunen vorte delt inn i åtte forskjellige geografiske område:

1. Søråsen
2. Herad
3. Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense
4. Golsfjellet aust
5. Golsfjellet vest
6. Skaraåsen
7. Rotneim
8. Golreppen til Øygdane

Dette kapitlet summerer opp konsekvensutgreiinga og vurderer dei samla konsekvensane for miljø og samfunn for kvart enkelt geografiske område.

# 1. Søråsen

Søråsen ligg i austre enden av Gol. Området er eit stølslandskap, og det ligg om lag 200 regulerte, ubebygde tomter i området.



Figur 2: Viser innspelsområdet og utbyggingsområda på Søråsen. Blått område er innspel til kommuneplan som ikkje vart lagt inn.

## 1.1 Rauddalen

Storleik:	88,9 daa	Til 1. gongsbehandling: 25 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 20 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-1	Delvis negativt	Området ligg nær grensa til Sør-Aurdal i Valdres. Området ligg i eit spreidd stølslandskap, i ei sørvendt li. Eit nytt hyttefelt kan forringe stølslandskapet. Området består av open fastmark og litt uproduktiv skog, men ser ut til å vere skogkledd. Området ligg ikkje i silhuett.

Naturmiljø	2	1	Inga omfang	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje registrert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil dyrka mark i både nord og sør, og området er dyrkbart. I ØK er området registrert som anna jorddekt fastmark og lettbrukt areal. Dette arealet kunne vore dyrka.
Friluftsliv og leikeområde	2	1	Positivt	Viktig friluftsområde. Kort avstand til sommarløype, og under 2 km til vinterløype. Kort avstand til urørt natur. Løyper og stiar blir ikkje negativt berørt.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Inga spesiell støy i området. Høvresli bekkefelt har god økologisk tilstand. 20 nye einingar kan påverke den økologiske tilstanden negativt.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Det går veg gjennom området, men ingen annan infrastruktur er opparbeidd. Det ligg eit hyttefelt i Sør-Aurdal om lag 2 km unna. Nemnd i innspelet at ein kan hente straum derifrå. Mesteparten av området har middels infiltrasjonsevne. Den sørlege delen av området er ueigna for infiltrasjon. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13 eller kapittel 14.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativt	Kort avstand til sommar- og vinterløyper. Langt unna andre aktivitetar. Tilrettelegging for utbygging her kan gjere det lettare for utbygging av dei allereie regulert hyttetomtene. Utanfor satsingsområde for reiseliv.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Lang avstand til brannstasjon, ikkje sløkkevatn . Særskilt høg aktsemdsgrad for radon. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Utviding av eksisterande busetnad, men oppretting av eit nytt hyttefelt.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Det finst allereie meir enn 200 regulerte hyttetomter på Søråsen. Å legge ut nye område for utbygging vil binde opp endå fleire hyttetomter på Søråsen, i eit område som potensielt kan få mange hytter. Fordi dei regulerte hyttetomtene ikkje er utbygd, er det vanskeleg å vurdere konsekvensane for området av å regulere endå fleire tomter. Dei regulerte tomtene bør byggast ut før ein legg ut nye område på Søråsen. Utanfor satsingsområde Golsfjellet og Skagahøgdi. Dyrkbar mark inntil dyrka mark/innmarksbeite. Dette arealet kan utvidast.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				


### Samla konsekvensar for Søråsen

Storleik (daa) til 1. gongsbehandling:	25 daa
Storleik (daa) faktisk lagt inn:	0 daa
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	20
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	0

Området består av eitt innspel der det er ønske om å bygge fritidsbustader. Dette innspelet ligg i eit område der det er regulert meir enn 200 hyttetomter, men ingen av dei er bebygd. Det er difor vanskeleg å vurdere konsekvensane av å legge inn endå fleire hyttetomter i dette området.

## 2. Herad

Herad ligg aust i Gol tettstad. Området består av eitt innspel der det er ønske om å bygge bustader i ei grend utanfor sentrum.



Figur 3: Viser utbyggingsområde i Herad.

### 2.1 Halli, 5/26 – B-1

Storleik:	25 daa	Til 1. gongsbehandling: 25 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 8 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/Uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Bustader			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	1	Positivt	Ligg i ei sørvendt li, i eit område med spreidd gardsbebyggelse. Området består av skog. Området ligg inntil ein liten rygg. Vil truleg ikkje vere eksponert.

Naturmiljø	2	1	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Området ligg inntil dyrka mark, men er ikkje dyrkbar. Området består av skog med høg bonitet. I ØK er skogen registrert med høg bonitet.
Friluftsliv og leikeområde	2	1	Positivt	Den austre delen av området er viktig friluftsområde. Går tursti rett utanfor området.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Hoftunskog bekkefelt har god økologisk tilstand. Det er ikkje grunn til å tru at nokre få bustader vil forverre tilstanden. Bygging av bustader utanfor Gol tettstad vil skape meir bilkøyring.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Går veg og straum gjennom området. Vegen er bratt. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13 eller kapittel 14.
Nærings- utvikling	2	-2	Delvis negativt	Langt unna offentlege tenester. Nær barnehage.
Risiko og sårbarheit	2	-2	Delvis negativt	Bratt tilkomstveg kan gjere det utfordrande å kome til området ved utrykking om vinteren. Ikkje sløkkevatn. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Samfunnsdelen av kommuneplanen seier at bustadbygging skal fortrinnsvis skje i Gol tettstad. Langt unna fritidsaktivitar, og avstanden vil stille krav til skuleskys.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Bustadbygging utanfor Gol tettstad er ikkje i tråd med samfunnsdelen til kommuneplanen, då den seier at bustadbygging skal fortrinnsvis skje i Gol tettstad. Avstanden frå sentrum vil skape meir transport, og gjere det vanskelegare å få reduserte klimagassutslepp. Krav til skuleskys.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				


### Samla konsekvensar for Herad

Storleik (daa) til 1. gongsbehandling:	25
Storleik (daa) faktisk lagt inn:	25
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	8
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	8

Tilkomstvegen er bratt, og det kan vere utfordrande å kome til med utrykkingskøyretøy om vinteren. Administrasjonen vurderer at innspelet er delvis i strid med Gol kommune sin strategi om at bustadbygging fortrinnsvis skal skje innanfor tettstaden. Innspelet vil medføre meir bilkøyring enn om området låg innanfor tettstaden.

### 3. Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense

Området er stort geografisk, og strekk seg langs fv. 51 frå Åsgardane i sørvest til grensa mot Valdres i nordaust.





Figur 4: Viser utbyggingsområdet langs Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense. Dei raude områda er områda som har vorte lagt inn, og dei blå områda er innspelsområda som ikkje har vorte lagt inn.

#### 3.1 Åsgardane barnehage, 11/48 – KBA-3

Storleik:	3,6 daa	Til 1. gongsbehandling: 3,6 daa	Vedtaket: 3,6 daa
Omfang av tiltaket:	Om lag 4 nye einingar		
Dagens føremål KP/RP:	Tenesteyting/ uregulert		
Reguleringsplan	Uregulert		
Omsøkt føremål:	Kombinert busetnad- og anleggsføremål		
Tilleggsinfo:			


Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	1	0	Positivt	Området er bebygd med den gamle barnehagen og eit uthus. Området vil ikkje endre karakter ved endring til kombinert føremål.
Naturmiljø	1	0	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/ kulturverdiar	1	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk. Det er fleire sefrakregistrerte bygningar i nærområdet.
Landbruk	1	0	Positivt	Tidlegare barnehage. Ikkje registrert landbruk.
Friluftsliv og leikeområde	3	1	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Tidlegare mykje brukt av Åsgardane barnehage. Det går ein gamal sti/grøntkorridor gjennom området. Denne bør vidareførast
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Støy frå Valdresvegen. Store delar av området ligg innanfor gul støysone i vegvesenet sitt støyvarelskart. Endring av føremål frå næring til kombinert føremål kan føre til meir støy om ein ikkje gir tydelege avgrensingar på typar føremål. Kort avstand til naboar gjer at ein ikkje bør legge til rette for støyintensiv næring.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	1	Positivt	All teknisk infrastruktur er opparbeidd og eigedomen har delt avløpsløyseing med nabohuset i aust. Ved vesentleg auke i bruk kan avløpsanlegget måtte oppgraderast. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13 eller kapittel 14.
Nærings- utvikling	2	2	Positivt	Langt unna offentlege tenester. Dersom området blir kjøpt til næringsføremål vil dette vere positivt for næringsutviklinga.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Støy frå fylkesvegen. Kan truleg løysast med støytiltak. Stille sone på baksida. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Det er positivt med gjenbruk av gamle føremålsbygg. Dersom området skal nyttast til bustader, er dette ikkje i tråd med samfunnsdelen, då den seier at bustadbygging skal fortrinnsvis skje i Gol tettstad. Langt unna fritidsaktivetar, og avstanden vil stille krav til skuleskyss.
<b>Konklusjon</b>				
<p>Samla vurdering: Innspelet dreier seg om å endre føremål frå tenesteyting til kombinert føremål. Årsaka er at barnehagen er lagt ned og skal seljast. Eit kombinasjonsføremål vil truleg gjere det lettare å selje bygget, og bygningsmassen er av ein slik karakter at det kan nyttast til ulike føremål og i stor grad tilpassast fleire kundegrupper i marknaden.</p> <p>Innspelet gjeld eit allereie bebygd område, og tiltak vil truleg ha få konsekvensar for nærområdet. Området kan vere eit attraktivt for fleire føremål. Bustader vil ikkje vere i tråd med samfunnsdelen, og avstanden frå sentrum vil skape meir transport, og gjere det vanskelegare å få reduserte klimagassutslepp. Krav til skuleskyss. Positivt med gjenbruk av gamle føremålsbygg. Støy frå Valdresvegen er negativt.</p> <p>Innspelet må sjåast i samanheng med innspela i Rotneim og Øygdane barnehage.</p>				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

## 3.2 Åsgardane, 12/1 og 12/4

Storleik:	19 daa	Til 1. gongsbehandling: 19 daa	Vedtak: 0 daa	
Omfang av tiltaket:	200 000 m <sup>3</sup>			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Masseuttak			
Tilleggsinfo:				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	1	1	Positivt	Området blir brukt som lagerområde og landbruksuttak. Vil truleg ikkje vere negative konsekvensar for landskap/kulturlandskap. .
Naturmiljø	1	1	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur.
Kulturminne/kulturverdiar	1	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga omfang	Ikkje registrert landbruk. Skog med låg til middels bonitet. Området er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	1	0	Inga omfang	Registrert friluftslivsområde. Ikkje registrert turløyper i nærleiken.
Støy og ureining	3	-2	Negativt	<p>Masseuttak vil skape støv og støy i mange år. Avstanden til busetnad er utfordrande. Næraste hus er om lag 165 meter unna i luftlinje, med ein høgdeskilnad på om lag 25 meter. Næraste hytte ligg om lag 150 meter unna, med ein høgdeskilnad på om lag 10—15 meter. Det er i dag godkjent masseuttak for 5000 m<sup>3</sup>. Auka frå 5000 m<sup>3</sup> til 200 000 m<sup>3</sup> vil vere veldig stor.</p> <p>I vedlagt tilleggsinfo er det nemnd at det vil vere sprenging ein gong i året og knusing to gongar i året. Dette vil avgrense tidsrommet for støy betrakteleg, og vil truleg vere meir akseptabelt for naboar. I vedlagt støyvurdering er det opplyst at støynivå ved næraste bustader/fritidsbustader vil innfri grenseverdi <math>L_{den} \leq 55</math> dB for «verste døgn».</p>
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	-3	Negativt	Det går ein liten veg opp til masseuttaket. Denne vegen er bratt, på det meste meir enn 17 %. For at lastebilar skal kunne køyre der må det truleg gjerast store tiltak, eventuelt leggast ny trasé. I reguleringsplan for Bråten massetak (om lag 1 km unna) stilte Statens vegvesen krav til at masseuttaket skulle ha maks uttak på 10 000 m <sup>3</sup> i året grunna kapasiteten på Øvrevegen. Det vart stilt motsegn til kryssutforming. Det er ikkje sikkert at Øvrevegen har kapasitet til eitt masseuttak til. Dette må i tilfelle greiast ut på reguleringsplannivå.



Nærings- utvikling	2	2	Positivt	Ved utbygging er det behov for massar. Det er ein fordel med minst mogleg frakt, og avstanden til Golsfjellet er kort.
Risiko og sårbarheit	2	-2	Delvis negativt	Støy og støv frå nærområdet. Høge kantar på sidene. Støy kan sikrast med driftstider, høge kantar kan sikrast med midlertidig og permanent sikring. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-3	Negativt	Støy- og transportintensiv industri, som eit masseuttak, bør plasserast lengst mogleg unna busetnad for å unngå at bebuarar blir negativt påverka. Så lenge det finst andre område i kommunen der masseuttak er betre eigna, bør tiltaket avslåast.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Masseuttaket ligg nære busetnad, og vil skape støy, støv og tungtransport i mange år framover. Sjølv om støyvurdering viser at støynivået ved næraste bustader/fritidsbustader vil innfri grenseverdi $L_{den} \leq 55$ dB for «verste døgn», kan eit slikt uttak likevel vere til irritasjon for naboar.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 3.3 Smøget, 9/34 – RU-5

Storleik:	93 daa	Til 1. gongsbehandling: 93 daa	Vedtak: 74 daa	
Omfang av tiltaket:	2 millionar m <sup>3</sup>			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Reguleringsplan	Uregulert, men inntil reguleringsplan for Fjerdingsbekkhaugen			
Omsøkt føremål:	Masseuttak			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil eksisterande masseuttak på Fjerdingsbekkhaugen. Slik avgrensinga er utforma kan det tenkast at heile Fjerdingsbekkhaugen midt i området vil bli fjerna. Dagens masseuttak kan sjåast frå fylkesvegen, men ein utviding innover vil truleg ikkje endre området karakter. Vest for området går skiløypa på Solseter. I dag ser ein ikkje masseuttaket frå skiløypa, men det vil ein truleg gjere med tenkt områdeavgrensing. Dette kan redusere naturkvalitetane når ein går på Solseter. Ved å redusere området til aust for Fjerdingsbekkhaugen, blir omfanget redusert.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Synfaring viser ingen særskilde naturkvalitetar innanfor føreslått område. Planområdet grenser til spillplass for tiur (vest for området). Utviding av eksisterande masseuttak øydelegg mindre natur enn å lage nytt masseuttak. Må vurdere «trapping».
Kulturminne/kulturverdiar	1	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga omfang	Ikkje registrert landbruk i området. Skog med låg til middels bonitet. Området er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	3	-2	Negativt	Viktig friluftsområde. Skiløypa på Solseter ligg på det minste berre 20 meter frå områdeavgrensinga. Eit masseuttak kan redusere friluftskvalitetane på Solseter. Dersom ein reduserer området så det ligg aust for Fjerdingsbekkhaugen, vil ein truleg ikkje sjå masseuttaket frå skiløypa. Dette vil redusere dei negative konsekvensane til gul.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Masseuttak vil skape støy og støv i mange år. Det ligg ikkje busetnad i nærområdet, men avstanden til skiløyper er kort. Skutuset, Klanten og Einarset bekkefelt har god økologisk kvalitet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Det er allereie etablert masseuttak, og innspelet går ut på å utvide dette. Her er infrastruktur etablert. Eksisterande masseuttak har allereie avkøyring frå fylkesvegen.

Nærings- utvikling	2	2	Positivt	Ved utbygging er det behov for massar. Det er ein fordel med minst mogleg frakt, og avstanden til Golsfjellet er kort.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Høge kantar på sidene. Dersom det blir etablert sikringstiltak er risikoen låg.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Positivt å utvide eksisterande masseuttak før ein etablerer nye, då dei skaper varige sår i landskapet. Solseter er ein av dei viktigaste skiløypene i Gol, og har naturkvalitetar som er særst viktige å bevare.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Det er positivt å utvide eksisterande masseuttak før ein etablerer nye masseuttak, og infrastrukturen er allereie på plass. Avstanden til skiløypene på Solseter er negativt, og avstanden blir betydeleg redusert i høve til dagens masseuttak. Ein må sikre at skiløypene ikkje blir påverka av masseuttaket. Ein bør difor vurdere å trekke den vestre områdeavgrensinga mot aust for å behalde avstand til skiløypene. Eventuelt kan ein sikre dette gjennom reguleringsplan.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn, men redusere innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet, og gav administrasjonen fullmakt til å redusere innspelet.				


## 3.4 Hamarstad – FB-7

Storleik:	Innspel: 23 daa	Til 1. gongsbehandling: 23 daa		Vedtak: 23 da
Antal nye einingar:	Om lag 5 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	Næring og LNF/Fritidsbusetnad og LNF			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	0	Inga omfang	Området er bebygd med to bustader og to hytter. Området har vore nytta som campingplass. Området vil ikkje endre karakter ved endring frå næring til fritid.
Naturmiljø	2	0	Inga omfang	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje observert spesiell natur.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	ØK viser at delar av området tidlegare var fulldyrka mark, og er lett dyrka. Området vart omdisponert i 1988. Det blir ikkje drive landbruk i området i dag. Delar av området er dyrkbart. Ein camping er i utgangspunktet berre midlertidig.
Friluftsliv og leikeområde	1	2	Positivt	Registrert friluftsområde. Kort avstand til ski- og turløyper og urørt natur. Ski- og turløyper blir ikkje negativt berørt.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy frå Valdresvegen. Endring av føremål frå næring til fritid vil ikkje føre til meir støy og ureining. Tubbeåne har god økologisk kvalitet. Om lag 5 nye einingar vil ikkje påverke resipienten nemneverdig.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Det går veg og straum gjennom området. Bustadhuset har nytt minireinseanlegg. Lausmassekart viser at infiltrasjon er ueigna, noko nyleg utsløppsløype også viser. Nye hytter må sikrast avløpsløyving.
Næringsutvikling	2	1	Positivt	I utgangspunktet negativt å redusere krav til varme senger då kalde senger kan føre til tap av arbeidsplassar. Elles kort avstand til sommar- og vinterløype og urørt natur. Ligg i utkanten av satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-2	Delvis negativt	Delar av området ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Delar av området ligg innanfor gul støysone. Må greie ut flaumfare på reguleringsplannivå. Må truleg gjennomføre støymålingar. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	2	Positivt	I tråd med strategi om fortetting og utviding før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering:				

Innspelet dreier seg om å endre føremål frå næring til fritid. Gjennom prinsippvedtak har kommunestyret lempa på krav til utleige. Innspelet er i tråd med prinsippvedtaket. Området i utkanten av satsingsområde for Golsfjellet, og vil vere fortetting. Området er tidlegare fulldyrka mark, og er registrert som dyrkbart. Jordbruksarealet vart omdisponert i 1988. Ved eventuell utbygging eller regulering må ein greie ut om flaum. Flaumfare må greiast ut på reguleringsplannivå. Det same gjeld støymålingar.



Konklusjon:  
Tiltaket kan tilrådest.

### 3.5 Tretteskogane, 25/50 – FB-16

Storleik:	Innspel: 95,6 daa	Til 1. gongsbehandling: 95,6 daa	Vedtak: 27 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 14 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/ LNF og fritidsbusetnad			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg sør for — men delvis i tilknytning til — hyttefeltet ved Øytjernvegen. Området er ubyggt, og består av ein del myr og elles uproduktiv skog. Området blir delt i to av tre regulerte hyttetomter. Området er forholdsvis flatt, og vil ikkje ligge i silhuett. Den austre delen av området er jomfrueleg areal.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Under synfaring vart det observert elg. Viktig område for hjortevilt. Observert horndykkar i tjernet inntil planforslagsgrensa. Horndykkar er vurdert som sårbar på raudlista. Kommunen har befart flere av myrene i detalj. Ut i fra artsinventaret kan myrene karakteriseres som fattigmyrer (nedbørsmyr); mye molte, dverbjørk, vier, duskmyrull, myrklegg og sveltull. I de fuktigste partiene av myrene er det mye flaskestarr, mjøduert og noe enghumbleblom. Miljøvernrådgivers vidare anbefaling: Ta ut myrpartiene og sett en buffersone på minimum 200 meter mot vannet der horndykkaren er observert. Mesteparten av området er urørt natur, men den vestre delen av området kan integrerast som ein utviding av hyttefeltet. Ved å redusere området til å ikkje gå lenger aust, ta vare på myr og etablere buffersone til horndykkaren blir omfanget redusert.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Positivt	Området består av myr og uproduktiv skog. Delar av området er dyrkbart. Det dyrkbare arealet ligg på myr.
Friluftsliv og leikeområde	2	2	Positivt	Viktig friluftsområde. Det går sommar- og vinterløype gjennom den vestre delen av området, gjennom eksisterande hyttefelt. Denne må vidareførast.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Tretteskogen bekkefelt har god økologisk tilstand. 10 nye einingar har truleg ikkje negativ effekt på bekkefeltet. Lausmassekart viser at infiltrasjon er ueigna.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det går veg til dei tre regulerte hyttetomtene omtrent i midten av området. Veg til den vestre delen av området kan løysast med stikkveggar frå Øytjernvegen. Aust for dei tre regulerte hyttetomtene er urørt natur, som vil skape betydeleg større inngrep i naturen. To av dei regulerte tomtene har felles avløpsløysing. Lausmassekart viser at


				infiltrasjon er ueigna. Fordi dei to hyttene har minireinseanlegg er det grunn til å tru at det går straum hit.
Nærings- utvikling	2	-1	Delvis negativt	Kort avstand til sommar- og vinterløype og urørt natur. Ligg utanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Etter at området har vorte redusert, ligg området utanfor aktsemdsområde for flaum og skred. Området har ikkje slokkevatn. Tilkomstveg i ein retning. Må gjennomføre resipientvurdering ved større utbygging. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Delvis i tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal. Den austre delen av området vil vere bruk av jomfrueleg areal. Dersom ein ikkje bygger lenger aust enn eksisterande bebyggelse, blir konsekvensen meir positiv.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet er delvis utviding av eksisterande hyttefelt, og delvis bruk av jomfrueleg areal. Terrengingrepet ved å utvide hyttefeltet heilt mot aust vil bli stort, og det må takast mykje areal til veg. For at innspelet kan akseptast, tilrår administrasjonen at innspelet blir avgrensa til austenden av eksisterande busetnad. Det er og viktig å sikre avstand til horndykkaren. Det må gjennomførast resipientvurdering ved utbygging. Utanfor satsingsområde Golsfjellet.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet på vilkår at det blir redusert til austkanten av eksisterande busetnad, ein unngår myr og ein sikrar buffersone for horndykkaren. Formannskapet vedtok å redusere innspelet i tråd med administrasjonen sin tilråding.				

## 3.6 Bjørkum, 28/48 – FB-16

Storleik:	Innspel: 223 daa	Til 1. gongsbehandling: 223 daa	Vedtak: 25 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 8 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/ LNF og fritidsbusetnad			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg i tilknytning til hyttefeltet ved Øytjernvegen. Den vestre delen av området er hyttefelt, medan den austre delen er ubygd. Området består av ein del myr og elles uproduktiv skog. Det ligg eit lite vatn i området. Området er forholdsvis flatt, og vil ikkje ligge i silhuett.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Kommunen har befart flere av myrene i detalj. Ut i fra artsinventaret kan myrene karakteriseres som fattigmyrer (nedbørsmyr); mye molte, dverbjørk, vier, duskmyrull, myrklegg og sveltull. I de fuktigste partiene av myrene er det mye flatestarr, mjødurt og noe enghumleblom. Miljøvernrådgivers videre anbefaling: Ta ut myrpartiene.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Positivt	Området består av myr og uproduktiv skog. Delar av området er dyrkbart. Dyrkbart areal ligg på myr.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Viktig friluftsområde. Det går sommar- og vinterløype gjennom den vestre delen av området, gjennom eksisterande hyttefelt.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Tretteskogen bekkefelt har god økologisk tilstand. 10 nye einingar har truleg ikkje negativ effekt på bekkefeltet. Lausmassekart viser at infiltrasjon er ueigna.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det går veg og straum gjennom den vestre delen av området, medan den austre delen er ubygd. Hyttefeltet har spreidde avløpsløysingar. Lausmassekart viser at infiltrasjon er ueigna. Det vil bli store terrenginngrep å etablere veg gjennom den austre delen av området.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativt	Kort avstand til sommar- og vinterløype og urørt natur. Langt til andre aktivitetar. Utanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Etter at området har vorte redusert, ligg området utanfor aktsemdsområde for flaum og skred. Området har ikkje slokkevatn. Tilkomstveg i ein retning. Må gjennomføre resipientvurdering ved større utbygging. Middels risiko.

Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Delvis i tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal. Den austre delen av området vil vere bruk av jomfrueleg areal. Dersom ein ikkje bygger lenger aust enn eksisterande bebyggelse, blir konsekvensen meir positiv.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet er delvis utviding, og delvis bruk av jomfrueleg areal. Terrengingrepet ved å utvide hyttefeltet heilt mot aust vil bli stort, og det må takast mykje areal til veg. Det må gjennomførast resipientvurdering ved utbygging. For at innspelet kan akseptast, tilrår administrasjonen at innspelet blir avgrensa til austenden av eksisterande busetnad.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet på vilkår at det blir redusert til austkanten av eksisterande busetnad og at ein unngår myr. Formannskapet vedtok å redusere innspelet i tråd med administrasjonen sin tilråding.				

## 3.7 Bjørkum, 5/101 – FB-2


Storleik:	Innspel: 52 daa	Til 1. gongsbehandling: 52 daa	Vedtak: 10 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 6 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/ LNF og fritidsbusetnad			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo:	Innspelet består av to område.			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	1	Positivt	Området ligg i tilknytning til hyttefeltet ved Bjørkum. Den sørvestlege delen av er hyttefelt, medan resten av området er ubyggd. Delar av området er myr, og elles uproduktiv skog. Området er forholdsvis flatt, og vil ikkje ligge i silhuett.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Synfaring viser ingen særlege kvalitetar. Delar av området er myr. Mesteparten av området er ubyggd.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Området består av myr og uproduktiv skog. Heile området er dyrkbart, og avstanden til fulldyrka mark er kort i nord. ØK viser at arealet er lettbrukt.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Sommar- og vinterløype om lag 500 meter unna. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Tubbeåni har god økologisk tilstand. 15 nye einingar har truleg ikkje negativ effekt på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Det går veg inn til den sørlege delen av området. Det vil vere eit stort terrengingrep å etablere veg til den nordlege delen av feltet. Ei hytte har avløpsløysing. Aktuelt med felles løysing for heile feltet. Lausmassekart viser at den sørlege delen av feltet har god infiltrasjonsevne. Ut ifrå kart ser det ut som området i sør har vorte drenert.
Nærings- utvikling	2	-1	Delvis negativt	Kort avstand til sommar- og vinterløype og urørt natur. Utanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Etter at området har vorte redusert, ligg området utanfor aktsemdsområde for flaum og skred. Området har ikkje slokkevatn. Tilkomstveg i ein retning. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Delvis i tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal. Den nordre delen av området vil vere bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet er delvis utviding og delvis bruk av jomfrueleg areal. Terrengingrepet ved å utvide hyttefeltet heilt mot nord vil bli stort, og det må takast mykje areal til veg. I tillegg er dette området utsett for flaum. For at innspelet kan akseptast, tilrår administrasjonen at innspelet blir avgrensa til der eksisterande byggeområde knekkjer mot vest.				
Konklusjon: Administrasjon tilrår å redusere innspel for å unngå myr. Formannskapet vedtok å redusere.				

## 3.8 Johannesdalen, 12/2 – FB-6

Storleik:	Innspel: 75 daa	Til 1. gongsbehandling: 75 daa	Vedtak: 10 daa	
Antal nye einingar/omfang av tiltaket:	7 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/LNF			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	1	Positivt	Området ligg ved Tubbehaugen, aust for Norhaug Gård. Området ligg inne i skogen, i eit forholdsvis flatt område. Området ligg inntil eit lite hyttefelt bestående av 7 hytter. Området består av uproduktiv skog. Området vil ikkje ligge i silhuett.
Naturmiljø	1	0	Inga omfang	Innspelet er redusert etter synfaringa, og er naturleg avgrensa av veg. Våtmarksfugl er ikkje påvist innanfor dette området, då det er skogkledt og utan vatn og myr. Våtmarksfugl kartlegging i 2011 og 2021 har ikkje hatt fokus på dette området då potensialet for våtmarksfugl her har vore vurdert som svært lite. Det er heller ikkje myr innanfor området. Kort tur innom 14.07.21 utan at noko nytt vart funne.
Kulturminne/kulturverdiar	2	-1	Delvis negativt	Registrert eit kulturminne i området. Dette må takast vare på.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Området består av uproduktiv skog. Mesteparten av området er dyrkbart. I ØK lettdyrka areal. Dette arealet kan dyrkast for å få eit stort og godt jorde. Ved å redusere innspelet til å gjelde sør for vegen blir omfanget mindre.
Friluftsliv og leikeområde	2	2	Positivt	Viktig friluftsområde. Det går sommar- og vinterløype rett sør for området.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Tretteskogen bekkfelt har god økologisk tilstand. Det same har Tubbeåni. 12 nye einingar har truleg ikkje negativ effekt på bekkfeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Det går veg og straum gjennom området, og den eine hytta har avløpsanlegg. Området er for det meste ueigna for infiltrasjon, utan om den vestre delen av området, som har god infiltrasjonsevne. Det er viktig at nye hytter har tilgang til avløpsanlegg.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativt	Kort avstand til sommar- og vinterløype og urørt natur. Ligg utanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ingen kjende naturfarar. Ikkje slokkevatn. Tilkomstveg i ein retning. Låg risiko.



Strategi for framtidig arealbruk	2	1	Positivt	I tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet er utviding av eksisterande hyttefelt areal, og i tråd med overordna føringar. Området ligg utanfor satsingsområde for Golsfjellet. Det må greiast ut om det kan etablerast infiltrasjon. Området er dyrkbart. Nord for vegen er det nok areal til å etablere eit større jorde. Sør for vegen er det mindre hensiktsmessig å dyrke.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår at innspelet blir redusert til å gjelde sør for vegen. Formannskapet vedtok å redusere innspelet i tråd med administrasjonen sin tilråding.				

### 3.9 Tubbehaugen camping, 28/23 – FTU-3

Storleik:	Innspel: 15 daa	Til 1. gongsbehandling: 15 daa	Vedtak: 15 daa	
Omfang av tiltaket:				
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Campingplass			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	0	Inga omfang	Området blir allereie nytta som campingplass, med campinghytter, to sanitærbygg og plassar til telt, campingvogn og/eller bubil. Området vil ikkje endre karakter om føremålet blir endra til det korrekte føremålet.
Naturmiljø	1	0	Inga omfang	I artsdatabankens artskart inngår området i et stort hekke – og yngleområde for våtmarksfugl, registrert i 2003. Områdeavgrensingen har åpenbare svakheter, blant annet ved at hyttefelt, veier og annen infrastruktur er inkludert. Asplan Viak gjennomførte kartlegging av viktig våtmarksområder både innenfor og utenfor områdeavgrensningen i 2011, og det er gjort rekartlegging og supplerende kartlegging sommeren 2021. Resultatene fra sistnevnte kartlegging er ikke publisert enda, men kommunen er kjent med at innspillsområdet ikke er vurdert til å ha verdi som hekkeområde for våtmarksfugl. Området er i dag delvis bebygd med hytter og er campingplass.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	3	-2	Negativt	Om lag 2 daa av området er dyrka mark, og området er omringa av dyrka mark og beitemark. Jorda har vorte dyrka fram til 2016. Det vart gjeve dispensasjon for å drive camping i 2016. Uttale frå dåverande drivar av jorda, sa at det var greitt at det vart drive campingplass, og at den dagen dei ikkje vil drive campingplass lenger, kan han drive jorda som før. Det er viktig at dette kjem inn i føresegnene. Då skal det setjast i stand att. Om lag 5 daa dyrka mark vart omdisponert i 2020/2021.
Friluftsliv og leikeområde	2	2	Positivt	Viktig friluftsområde. Det går sommar- og vinterløype rett sør for området.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Tretteskogen bekkefelt har god økologisk tilstand. Det same har Tubbeåni. 12 nye einingar har truleg ikkje negativ effekt på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	All infrastruktur til campingplass er opparbeidd, med campinghytter og sanitærbygg. Campingplassen har utsleppsløyve for 77 PE frå 1996.


Nærings- utvikling	3	1	Positivt	Positivt for kommunen at folk ønskjer å drive næring. Camping sikrar varige inntekter, og ikkje berre under ein eventuell byggeperiode. Utanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ingen kjende naturfarar. Ikkje slokkevatn. Tilkomstveg i ein retning. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	1	Positivt	Positivt å vidareføre arealbruken, og ikkje ta i bruk nye areal. Negativt at jordbruket blir råka.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Det har vore drive camping sidan 50-talet, som vart nedlagt i 2004. Nye eigarar fekk dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i 2016 for å ta eigedomen i bruk som campingplass att. Eit vilkår var at det skulle komme innspel til revisjon av kommuneplanen, og det skulle søkjast omdisponering etter jordlova § 9. For å sikre at kommunen ikkje mistar god dyrkingsjord må det stillast vilkår om at dersom campingdrifta blir nedlagt, skal jordbruksarealet setjast i stand att.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår at innspelet blir lagt inn på vilkår at landbruk blir tilbakeført dersom campingdrift blir lagt ned. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet med vilkåra til administrasjonen.				

## 3.10 Røyseskogen – FB-23


Storleik:	Innspel: 17 daa	Til 1. gongsbehandling: 17 daa		Vedtak: 17 daa
Antal nye einingar:	Om lag 5 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/LNF			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	1	2	Positivt	Området ligg i eit hyttefelt, inne i skogen. Området er forholdsvis flatt, og vil ikkje ligge i silhuett
Naturmiljø	1	-1	Inga omfang	Synfart 14.07.21. Alle fire områder kan karakteriseres som fattig blåbærskog (på bakgrunn av artsinventaret), med unntak av nordlige deler av innspillsområdet som ligger lengst mot øst. De nordligste delene her grenser såvidt inn i et myrområde. Denne myra kan karakteriseres som intermediær myr – rikmyr da både orkideen engmarihand og orkideen brudespore ble funnet. Andre arter funnet: svartopp, myrhatt, multe, gullris, skogstorkenebb, marimjelle, engsoleie, harerug, tettegras, flaskestarr, bjønnbrodd, nikkevintergrønn. Det ble ikke påvist noe våtmarksfugl under befaringen, og innspillsområdene ligger minimum 400 meter fra nærmeste vassdrag. Innspillsområdet kan ikke sies å være et viktig hekkeområde for våtmarksfugl, dels på grunn av allerede eksisterende hytter og på grunn av at det ikke er egnet biotop for dette her (fravær av skjulmuligheter i form av vann med sivbelter)
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	1	Positivt	Området består av uproduktiv skog. Området er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	2	2	Positivt	Viktig friluftsområde. Det går sommar- og vinterløype rett sør og vest for området, gjennom hyttefeltet.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Varhvd bekkefelt har god økologisk tilstand. 5 nye einingar har truleg ikkje negativ effekt på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Går veg og straum gjennom området. Berre enkelte hytter har avløpsanlegg. Aktuelt med ein felles avløpsplan for heile området, for å unngå mange små anlegg i framtida. Lausmasekart viser at området er ueigna for infiltrasjon. Eit område vest for hyttefeltet har god infiltrasjonsevne.
Næringsutvikling	1	-1	Inga omfang	Kort avstand til sommar- og vinterløype og urørt natur. Langt unna andre fritidsaktivitetar. Ligg utanfor satsingsområde for Golsfjellet.

Risiko og sårbarhet	2	-1	Delvis negativt	Ingen kjende naturfarar. Ikkje slokkevatn. Tilkomstveg i ein retning. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med overordna føringar om fortetting før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet består av fem frådelte tomter som ikkje vart teke inn som byggeområde i reguleringsplan for Tretteskogane. Tre av tomtene ligg innanfor utbyggingsområde i gjeldande KP. Innspelet er fortetting av eksisterande hyttefelt.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				


### 3.11 Furuhyttremmen, 13/17 – område 2

Storleik:	Innspel: 431 daa	Til 1. gongsbehandling: 431 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 75 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo:	Innspelet består av to område. Dei to områda blir greidd ut kvar for seg.			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil grensa til Nord-Aurdal, og hyttefeltet i Åsli (F5). Området består for det meste av skog, men også noko myr. Området er forholdsvis flatt og vil ikkje ligge i silhuett. Blanding av utviding av eksisterande hytteområde og bruk av jomfrueleg areal.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur. Området er ubyggd, og innspelsområdet er stort. Området består av mykje myr.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje registrert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Positivt	Små delar av området er registrert som dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	2	1	Positivt	Viktig friluftsområde. Går sommar- og vinterløyper rett forbi området, gjennom eksisterande hyttefelt.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Inga spesiell støy i området. Varhovd bekkefelt har god økologisk tilstand. 50–75 nye einingar kan ha negativ effekt på bekkfeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det går veg og straum nesten inn til området, men er ikkje etablert infrastruktur i området. Storleiken på området betyr at det må etablerast mange meter veg. Området er godt eigna for infiltrasjon.
Næringsutvikling	2	-2	Delvis negativt	Går løyper rett utanfor området. Langt unna andre fritidsaktivitetar. Utanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-2	Delvis negativt	Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Tilkomstveg i ein retning. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Innspelet er ein blanding av utviding av eksisterande hyttefelt og bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utbygging av området kan delvis karakteriserast som utviding av eksisterande hyttefelt. Storleiken på innspelet gjer derimot at det delvis blir bruk av jomfrueleg areal. Området ligg utanfor satsingsområde for Golsfjellet. Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 3.12 Furuhyttremmen, 13/17 – område 3

Storleik:	Innspel: 211 daa	Til 1. gongsbehandling: 211 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 50 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Reguleringsplan	Tretteskogane			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo:	Innspelet består av to område. Dei to områda blir greidd ut kvar for seg.			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil grensa til Nord-Aurdal. Området består for det meste av skog, men også noko open fastmark og myr. Området er forholdsvis flatt og vil ikkje ligge i silhuett. Området kan potensielt synast frå Valdresvegen. Jomfrueleg areal.
Naturmiljø	2	-3	Negativt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur. Området er urørt, og innspelsområdet er stort.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje registrert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil dyrka mark, og delar av området er dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	2	1	Positivt	Viktig friluftsområde. Går sommar- og vinterløyper forbi området i sør og aust.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Inga spesiell støy i området. Varhovd bekkefelt har god økologisk tilstand. 20—50 nye einingar kan ha negativ effekt på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	-3	Negativt	Det finst inga infrastruktur i området, og storleiken på området betyr at det må etablerast mange meter veg. Næraste veg ligg om lag 125 meter unna området, men om denne vegen er dimensjonert for mange hytter er usikkert. Elghornsbekken, som renn gjennom området, kan skape utfordringar for infrastrukturen. Området er ueigna for infiltrasjon.
Næringsutvikling	2	-2	Delvis negativt	Går løyper rett utanfor området. Langt unna andre fritidsaktivitetar. Ikkje innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	3	-3	Negativt	Nesten heile området er utsett frå flaum frå Elghornsbekken. Tilkomstveg i ein retning. Høg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	-3	Negativt	Innspelet er bruk av jomfrueleg areal, og i strid med overordna føringar.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet er bruk av jomfrueleg areal, og i strid med overordna føringar. Heile området er flaumutsett frå Elghornsbekken.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 3.13 Nystølfjellet, 4/136 – FB-1

Storleik:	Innspel: 457 daa	Til 1. gongsbehandling: 457 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 150 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/Uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo: Innspelet vart forkasta i grovsilinga, fordi innspelet låg innanfor omsynssone friluftsliv/ bevaring naturmiljø. Søkjar meiner at innspelet var tolka feil, og at det var tenkt utanfor omsynssona. Innspelet er difor fremja på nytt.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Innspelet vil vere utviding av eksisterande hytteområde mot vest, men sjølve områda er ubyggd. Området består av uproduktiv lauvskog. Delar av området ligg mellom eksisterande bebyggelse. Området ligg i vernskog – vern mot fjell. Området er stort.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Området er ikkje kartlagt etter NiN-metoden. Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur. Området er ubyggd, og innspelet er stort. Myr er unngått.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga omfang	Området er ikkje dyrka eller dyrkbart og skogen er uproduktiv.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Ligg i overgangen mellom viktig og svært viktig friluftsområde. Sommar- og vinterløype i nærområdet, men ikkje inne i området. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Varhovd bekkefelt har i dag god økologisk og kjemisk tilstand. Mange nye einingar kan ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det eksisterande hyttefeltet i Svilestølane/Vardhovd har straum og avløp. Avløpsanlegget har utsløppsløype for 372 PE. Ein må truleg pårekne å måtte bygge nytt avløpsanlegg. Det må byggast mange meter med ny veg til dei ytste områda.
Næringsutvikling	2	-2	Delvis negativt	Kort avstand til sommar- og vinterløype og urørt natur. Lang unna andre tenestetilbod. Utanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ingen kjende naturfarar. Ikkje slokkevatn. Tilkomstveg i ein retning. Må gjennomførast resipientvurdering. Middels risiko.

Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding av eksisterande hytteområde før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet vart forkasta i grovsilinga, men har vorte teke inn att i møte 29. september 2022 som sak 32/2022. Innspelet er utviding av eksisterande hyttefelt. Utvidinga skjer i retning eksisterande bebyggelse, og ikkje mot større område med urørt natur, slik som vart antyda i det opphavelige innspelet. Innspelsområda ligg i hovudsak lågare i terrenget enn eksisterande hyttefelt. Dei to sørlege områda ligg eit godt stykke unna dei andre områda (200 meter), og trekk seg lenger unna det eksisterande hyttefeltet. Dette er meir jomfrueleg areal. Administrasjonen tilrår å unnta unnta rettsverknad i påvente av naturtypekartlegging.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å unnta rettsverknad i påvente av naturtypekartlegging. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

### Samla konsekvensar for Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense

Storleik (daa) til 1. gongsbehandling:	1 716
Storleik (daa) lagt inn:	202
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	320 + 4
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	45 + 4
Tapt dyrka mark (daa)	2
Tapt dyrkbar mark (daa)	28
Tapt myr (daa)	3


Innspelet i sørvest skil seg frå resten av innspelet med at dei ikkje omhandlar fritidsbustader. For dei to masseuttaka har det vore viktig å sjå på omgjevnadene rundt. Masseuttaket i Åsgardane (3.2) ligg såpass tett på eksisterande busetnad at det bør avvisast. Masseuttaket på Smøget (3.3) er eit eksisterande masseuttak som ein ønsker å utvide mot skiløypene på Solseter. Ved å redusere innspelet kan ein skjule masseuttaket i terrenget slik at ein truleg ikkje ser det frå skiløypa. Dei resterande innspelet omhandlar i stor grad hytter. Alle innspelet er redusert slik at dei ikkje går lenger ut i terrenget enn eksisterande bebyggelse.

Av arealinnspelet som kom inn har kommunen fjerna 1 514 daa med ønskt utbyggingsareal. Kommunen har lagt inn 202 daa med utbyggingsformål. 168 daa er endra frå LNF-formål til utbyggingsformål og 34 daa er endring av eksisterande utbyggingsformål. Totalt vil 2 daa dyrka mark bli omgjort frå LNF-formål til fritids- og turistformål. Dette skal tilbakeførast til dyrka mark dersom campingdrifta blir lagt ned. 28 daa dyrkbar mark blir endra frå LNF-formål til byggeformål, og 3 daa myr blir LNF-formål til byggeformål.

## 4. Golsfjellet aust


Området ligg på austsida av Golsfjellet, og strekk seg frå Storefjell til Oset og Guriset. Området består av mange hytter og fleire hotell. Heile området ligg innanfor same tettbebyggelse, og det kommunale avløpsanlegget for Golsfjellet omfattar dette området. Tettbebyggelsen er større enn 2 000 pe, og Statsforvaltaren i Oslo og Viken er forureiningsmynde. I dette området ligg også to alpinanlegg og mange skiløyper. Utifrå desse kriteria er dette området eit naturleg satsingsområde.

Området består også av fleire stølar, med mykje dyrka mark, dyrkbar mark og beite. Utfordringa i dette området er å finne god samhandling mellom fritidsbustader og landbruk.



Figur 5: Viser utbyggingsområdet for Golsfjellet aust. Dei raude områda er områda som har vorte lagt inn, og dei blå områda er innspelsområda som ikkje har vorte lagt inn. Svarte område er unnateke rettsverknad.

## 4.1 Storefjell, 24/65 – KBA-6

Storleik:	Innspel: 28 daa	Til 1. gongsbehandling: 28 daa	Vedtak: 28 daa	
Antal nye einingar:	Ingen nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/parkering og grønstruktur			
Reguleringsplan	Storefjell, 2011001			
Omsøkt føremål:	Kombinert føremål for næring og fritidsbustader			
Tilleggsinfo: Tiltakshavar ønsker ikkje større utbyggingsområde eller fleire einingar enn kva som er regulert, men ønsker større fridom til korleis dei kan utvikle området.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	1	1	Inga omfang	Heile den nordre delen av området er regulert til parkering, og er lokalt kjent som «flystripa». Denne parkeringsplassen er gruslagt, og har vore der sidan 1980-talet. Området vil ikkje endre karakter ved at flystripa blir omgjort til kombinert føremål.
Naturmiljø	2	0	Inga omfang	Området er ikkje fysisk kartlagt i samband med kommuneplanarbeidet, men flyfoto viser at flystripa har vore der sidan seinast 2006. Det er ingen grunn for at det skal vere spesiell natur eller sjeldne artar innanfor området. Området ligg innanfor dekningskartet til NiN-registreringa, men er ikkje registrert. Området grenser inntil boreal hei med høg kvalitet men moderat tilstand. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende med bakgrunn i flyfoto og lokalkunnskap.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Om lag 2 daa av området er registrert som overflatedyrka mark. Denne delen er regulert til grønstruktur i dag. Området ligg også inntil overflatedyrka jord og innmarksbeite. Desse områda er regulert til kombinert formål i dag. Det er difor inga endring frå kva som er regulert til byggeområde.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort avstand til både sommar- og vinterløyper. Ligg inntil eksisterande skiheisanlegg. Går ikkje sommar- og vinterløyper gjennom området.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy og støv frå Golsfjellvegen. Endring av føremål frå næring til fritid vil ikkje føre til meir støy og ureining.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Etablert infrastruktur til området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet. Kort avstand til mange fritidsaktivitetar.


Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Risiko og sårbarheit blir ikkje endra av at området får ein annan arrondering. Langt til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 4 km. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet og er i dag avsett til næring. Det vil difor ikkje bli avsett nytt areal til busetnad.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: I gjeldande kommuneplan er området avsett til LNF medan det i reguleringsplan er regulert til parkeringsplass og grønstruktur. Det er eit ønske om meir fridom til å utforme området på ein betre måte. Det er viktig å sikre at utnyttingsgraden ikkje blir høgare dersom utbyggingsformålet blir utvida i kommuneplanen. Landbruksformålet som blir berørt er inneklemt og alt regulert til utbyggingsformål.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

## 4.2 Einarset, 24/9 – FB-9

Storleik:	Innspel: 11 daa	Til 1. gongsbehandling: 11 daa	Vedtak: 6,3 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 4 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og markagrense/Uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo: Innspelet vart forkasta i grovsilinga, grunna at innspelet ligg innanfor markagrensa og i buffersone til INON. Søkjar meiner at grunngevinga er for enkelt basert på at området er innanfor/utanfor ei grense. Ein må og sjå på området rundt. Det føregår storstilt utbygging på oversida.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	1	Positivt	Innspelet vil vere utviding av eksisterande hytteområde. Ein slik mild utviding vil truleg ikkje endre karakteren til området. Reguleringsplan for Storefjellstølen går omtrent like langt ut som innspelet.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Området er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og er av naturtypen boreal hei (VU på norsk rødliste for naturtyper). Tilstanden er vurdert til å være svært dårlig/dårlig pga spor av ferdsel med tunge kjøretøy i tillegg til at området er gjengrodd med einer og gran. Det blir ikke beitet i området. Området er en del av et svært stort kartleggingsområde på Golsfjellet og derfor blir naturmangfoldet samlet sett vurdert til å være stort. Synfaring 11.08: Synfaringen bekrefter NiN-kartleggingens konklusjoner. Området er gjengrodd og i en dårlig tilstand. Artsliste: Geitrams, tistel, smyle, vier, einer, gulstarr, blåklokke, engkall, gran, bjørk og furu. Kvalitetstrekk med område er bekk som renner i gjennom. Denne må hensyntas ref. § 12 i vannforskriften og øvrig kantsoneloverk. Kunnskapsgrunnlaget vurderes til å være godt.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Området er dyrkbart, og i ØK registrert som lett dyrka areal. Naboeigedomen i nord er fulldyrka. Slik sett kunne det dyrka området utvidast. Vil bli dårleg arrondering på eit nytt jorde.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Går både sommar- og vinterløype gjennom området. Desse må vidareførast for å ikkje bygge ned løypenettet. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Braastadbekken har god økologisk tilstand med noko diffus avrenning frå landbruk og hytter. Nokre få nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkfeltet.

<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Godt etablert infrastruktur i nærområdet. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Sløkkevatn basert på tankbil. Tilkomsveg i ein retning. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding. Innanfor markagrensa.
<b>Konklusjon</b>				
<p>Samla vurdering:</p> <p>Innspelet vart forkasta i grovsilinga. Innspelet er difor av ein prinsipiell karakter. Innspelet må sjåast i samanheng med Bualie, 13/20, vest.</p> <p>Området ligg innanfor markagrensa, men det er som søkjar seier, mykje utbygging på oversida. Ved å tillate utbygging her, vil ein komme omtrent like langt ut i terrenget som reguleringsplanen på Storefjellstølen. Sjølve området ligg godt til rette for utbygging. Dersom ein aksepterer innspelet, risikerer ein at andre med innspel innanfor markagrensa også ønskjer utbygging. Formannskapet har tidlegare forkasta innspelet då det ligg innanfor markagrensa.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Administrasjonen tilrår å redusere innspelet til å ikkje gjelde myr. Formannskapet vedtok å redusere innspelet til å ikkje gjelde myr.</p>				

## 4.3 Kamben, 11/15 – FB-27



Storleik:	Innspel: 2 daa	Til 1. gongsbehandling: 2 daa		Vedtak: 2 daa
Antal nye einingar:	Om lag 3 einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Området ligg i eit spreidd stølslandskap og består av tre stølsbygningar inntil dyrka mark. Innspelet vil utvide område avsett til byggeområde i KP. Innspelet vil ikkje endre området karakter.
Naturmiljø	1	0	Inga omfang	Området er registrert som boreal hei – semi-naturleg mark med låg kvalitet. Synfaring 11.08.2021. Området er lite og innenfor arealet er det flere gamle bygninger. Marka rundt kan karakteriseres som en slags gjenvokst gårdsplass som grenser inntil dyrka mark på sidene. I tillegg er det gjenvokst med skog. Kunnskapsgrunnlaget ansees som tilstrekkelig.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	0	Inga relevans	Området ligg inntil dyrka mark, men består av open fastmark og er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommar- og vinterløype. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Skutuset, Klanten og Einarset bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko diffus avrenning frå landbruk. Nokre få nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Det går straum i området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	1	0	Inga omfang	Tilkomstveg i ein retning siste 100 meter. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området består av ein støl der jorda på eigedommen vart godkjent frådelt i UNN 20.11.2018, som sak 68/18. Innspelet er i tråd med vedtaket, og vil endre føremål til den faktiske bruken. Området ligg nær hyttefeltet i Øvre Kamben.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

## 4.4 Kamben, 10/316 – FB-28

Storleik:	Innspel: 23 daa	Til 1. gongsbehandling: 23 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 8 einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/LNF			
Reguleringsplan	Øvre Kamben planID 2019001			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Området ligg i tilknytning til fritidsbusetnad i Øvre Kamben og det finst allereie 2 bebygde tomter i nærområdet. Karakteren vil ikkje endrast med nokre fleire einingar.
Naturmiljø	1	-1	Delvis negativt	Området er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og er av naturtypen naturbeitemark (VU). Tilstanden vurderes til svært redusert fordi området er i sen gjenvekst. Området har i nyere tid blitt tatt i bruk igjen og beites nå tilsvarende nokså ekstensiv bruk. Beitetrykket varierer. Det ble ikke registrert noen fremmede arter under kartleggingen. Området gjødsles trolig ikke. Naturmangfold er ikke vurdert.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk. Området vart kulturminneregistrert i 2004-2005, og det vart ikkje gjort krav om nye registreringar ved revisjon av reguleringsplan for Øvre Kamben.
Landbruk	3	-2	Negativt	Området består av uproduktiv skog. Området ligg inntil både dyrka mark og innmarksbeite, og er dyrkbart. Dyrka område kan utvidast.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Går både sommar- og vinterløype gjennom området. Viktig å ikkje bygge ned løypenettet. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Skutuset, Klanten og Einarset bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko diffus avrenning frå landbruk. Nokre få nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Godt etablert infrastruktur i området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14), og det går spillvassleidning gjennom området.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	0	Positivt	Ingen kjende farar. Brannkum 120 meter unna området. Låg risiko.

Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding av eksisterande område før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg i tilknytning til hyttefeltet i Øvre Kamben og er dermed ein slags utviding av eksisterande fritidsbusefnad. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging. Dyrkbar mark som ligg i direkte tilknytning til større dyrka og dyrkbare område.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				



## 4.5 Kamben, 23/32 – FB-29

Storleik:	Innspel: 7,7 daa	Til 1. gongsbehandling: 7,7 daa	Vedtak: 7,7 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 6 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Ligg inntil reguleringsplan for Øvre Kamben og vil utvide hyttefeltet. Området blir i dag brukt til steinfylling. Karakteren vil truleg ikkje endrast av nokre få nye einingar.
Naturmiljø	1	-1	Delvis negativt	Deler av området er steinfylling. Noe av resterende område er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og får kategori naturbeitemark. Tilstanden er vurdert til svært redusert på grunn av gjengroing og fordi enga ikke er i bruk. Vegetasjonen befinner seg i sein gjenvekstsuksesjonsfase. Det ble ikke registrert noen fremmedarter under kartleggingen. Enga gjødsles ikke nå. Det er kjøreskader på lokaliteten.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Området består av uproduktiv skog og ligg inntil dyrka mark. Området er dyrkbart og det dyrka området kan soleis utvidast. Vil bli dårleg arrondering på eit nytt jorde.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Sommar- og vinterløype går rett forbi området. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Kamben og Møni bekkefelt har moderat økologisk tilstand. Nokre få nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	2	Positivt	Godt etablert infrastruktur i området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Langt til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 1,5 km. Brannkum 200 meter unna. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding eksisterande område før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				

Samla vurdering: Området ligg i tilknytning til hyttfeltet i Øvre Kamben og er dermed mild utviding. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging. Området er dyrkbart.

Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn området, men unnta rettsverknad i påvente av mekling.

## 4.6 Ørterestølen – NÆ-6



Storleik:	Innspel: 30,4 daa	Til 1. gongsbehandling: 30,4 daa	Vedtak: 30,4 daa	
Antal nye einingar:	Ingen nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	Næring, framtidig næring/næring, kombinert næring og fritid, fritid, LNF			
Reguleringsplan	Bualie Ørterestølen og TB2 Ørterestølen			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	0	Inga omfang	Området er bebygd med hytter og leilegheiter. Området vil ikkje endre karakter ved endring frå næring til fritid.
Naturmiljø	1	0	Inga omfang	Området ligg inntil eit våtmarksmassiv, men går ikkje inn i det. Området er i dag bebygd med hytter og leiligheter. Området er ikke kartlagt med hensyn til naturmangfald. Synfaring 16.07.21. Området kan karakteriseres som semi-naturlig eng av svært lav lokalitetskvalitet og tilstand. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	0	Inga omfang	Om lag 740 m <sup>2</sup> av området er dyrkbart. Dette området er i dag avsett til næring.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Skiløype like ved området. Kort avstand til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy og støv frå Golsfjellvegen. Endring frå næring til fritid vil ikkje føre til meir støy og ureining.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	All teknisk infrastruktur er opparbeidd og området er kopla til kommunalt avløp. Innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	1	Positivt	I utgangspunktet negativt å redusere krav til varme senger då kalde senger kan føre til tap av arbeidsplassar. Elles kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Langt til brannstasjon. Den sørlege delen av området ligg inntil aktsemdsområde for flaum. Konkret flaumfare må eventuelt greiast ut på reguleringsplan-nivå. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om fortetting og utviding før bruk av jomfrueleg areal. Innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet dreier seg om å endre føremål frå næring til fritid. Gjennom prinsippvedtak har kommunestyret lempa på krav til utleige. Innspelet er i tråd med prinsippvedtaket.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

## 4.7 Ørterstølen, 4/7 – KBA-8

Storleik:	Innspel: 12,8 daa	Til 1. gongsbehandling: 12,8 daa	Vedtak: 10,7 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 8 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Reguleringsplan	Bualie og Ørterstølen			
Omsøkt føremål:	Kombinert fritids- og turistføremål			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-1	Delvis negativt	Området ligg i eit svakt austvendt terreng. Området er utan busetnad og består av uproduktiv skog. Utviding av utbyggingsområde framtidig utbyggingsområde. Området visast truleg ikkje frå vegen.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Mesteparten av området er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og er av naturtypen semi-naturlig eng (VU). Tilstanden er vurdert til svært redusert på grunn av gjengroing og fordi den ikke er i bruk. Vegetasjonen befinner seg i sein gjenvokstsuksjesjonsfase. Det ble ikke registrert noen fremmedarter under kartleggingen. Enga gjødsles ikke nå. Det er kjøreskader på lokaliteten. Synfaring 16.07.21. Supplering av NiN-kartleggingen kan bekrefte tilstandsstatus. Dvergbjørk, furu og gran dominerer tresjiktet, mens vier og einer dominerer busksjiktet. Samlet sett vurderer kommunen kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Registrert to kulturminne aust for området. Ikkje observert kulturminne inne i området.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Området består av uproduktiv skog. Området er dyrkbart og er registrert som lettbrukt areal i ØK. Ligg meir enn 200 meter unna vegen. Truleg ikkje tenleg å drifte.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Sommarløype og skiløype går forbi området og det går ein sti gjennom området. Begge må bevarast. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Delvis positivt	Ingen spesiell støy i området. God avstand til Golsfjellvegen. Kamben og Møni bekkefelt har moderat økologisk tilstand potensielt påverka av mange hytter. Må koplast til kommunalt avløp.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14), men ligg 200—300 meter unna kommunal leidning. Det er ikkje opparbeidd infrastruktur inn til området, og ein må over annan manns grunn for å komme seg til området.



Nærings- utvikling	3	2	Positivt	Positivt for kommunen med varme senger. Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Samfunns- tryggleik	2	0	Inga omfang	Tilkomstveg i ein retning siste 200 meter. Langt til brannstasjon. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg mellom Ørterstølen og Bualie og ligg inntil område avsett til framtidig næringsbebyggelse i kommuneplan. Dette området er ikkje bebygd og innspelet vil utvide dette utbyggingsområdet. Truleg er det ein fordel om dette området vert utvikla før ein byrjar å avsetje nye område. I tillegg er det ikkje etablert infrastruktur inn til området, og ein må krysse annan manns grunn for å komme seg inn i området. Dersom innspelet skal akseptrast bør ein ta ut myra.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å redusere innspelet til å ikkje gjelde myr. Formannskapet vedtok å redusere innspelet til å ikkje gjelde myr.				

## 4.8 Storefjell – Bualie – samanbinding skiheis, 10/6 – IDR-1

Storleik:	Innspel: 87 daa	Til 1. gongsbehandling: 87 daa	Vedtak: 87 daa	
Antal nye einingar:	Ingen nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Idrettsanlegg (skiheis)			
<b>Tema</b>				
<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>	
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg nede i ein liten dal, mellom Ørterhovda og Storefjell. Området består for det meste av open fastmark og noko myr.
Naturmiljø	3	-2	Negativt	Mesteparten av området er kartlagt etter NiN-metoden sommar/haust 2020 og er av naturtypen boreal hei (VU). Tilstanden til den boreale heia er moderat grunna attgroing. Kvaliteten på den boreale heia er høg og naturmangfaldet er stort. Det er noko myr nord og sør i området. Det renn ein bekk gjennom myrområdet i nord. Området er det einaste urørte området mellom bebyggelsen frå Storefjell og Kamben til Bualie. Dette kan vere ein viktig vilt- og grøntkorridor. Dersom ein unngår å bygge på myr blir dei negative konsekvensane redusert til gul.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Eit lite område i nord er registrert som dyrkbart. Dette området ligg langt unna både landbruksareal og veg, og er difor truleg ikkje tenleg å dyrke. Vil framleis vere mogleg å dyrke om sommaren sjølv om det er skiheis om vinteren.
Friluftsliv og leikeområde	3	3	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Innspelet vil styrke tilgangen til friluftsliv for dei som likar å stå på ski. Samanbindinga vil styrke alle skisentera på Golsfjellet og gjere dei meir attraktive. Turkartet til ut.no viser at det går skiløype i nordenden og sørenden av innspelet. Det er viktig at skiheissamanbindinga ikkje reduserer skiløypetilgangen på Golsfjellet, då den også er særskild viktig. Ein må også sikre at skikøyrarar ikkje kan køyre på skigåarar. Viss ein får til dette vil innspelet kunne vere særskild positivt for Golsfjellet.
Støy og ureining	2	0	Inga omfang	Eit skianlegg vil støye noko, men det vil truleg ikkje støye meir enn grenseverdiane.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Det er slalåmbakkar både nord og sør for området, og denne skiheisen vil binde dei to heisane saman. Det må opparbeidast infrastruktur inne i området. Med



				samanbinding av skiheisane kan eit lettare dele på utstyr som tråkkemaskinar og liknande for større område enn i dag.
Nærings- utvikling	3	3	Positivt	Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet. Samanbindinga kan lyfte Golsfjellet som skidestinasjon, og ein kan få eit stort skianlegg kontra tre små.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Det er aktsemdsområde for flaum i nord og sør. Skiheisen kan uansett berre vere open i periodar når det ikkje er flaumfare. Det bør vere mogleg å sikre at heisinstallasjonar ikkje blir plassert i område med flaumfare.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
<p>Samla vurdering:</p> <p>Området ligg mellom to skiheisar. Formålet med innspelet er å binde saman desse to skiheisane, slik at ein får eitt større skianlegg på Golsfjellet i staden for fleire små. Dette kan vere veldig positivt for både næringa i Gol og Golsfjellet som turistdestinasjon.</p> <p>Delar av området består av myr. Myra ligg i nord og sør. Samanbindinga kan ikkje leggest nokon annan plass for å unngå myr. Det er derimot viktig å gjere tiltak for å avgrense dei negative konsekvensane for myr. Det skal vere mogleg at ein slalåmbakke går over myr utan å øydelegge myra. Det må lagast føresegner for å tilstrebe at ein ikkje gjer terrenginngrep i myr, og at heisinstallasjonar ikkje skal plasserast på myr. Dersom ein kan la vere å gjere noko særleg med tiltak på bakken vil også naturmangfaldet bli bevart i stor grad. Det vil vere mogleg å beite sjølv om det går eit skitrekk gjennom området.</p> <p>Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.</p>				

## 4.9 Bualie vest, 13/20 – FB-21

Storleik:	Innspel: om lag 115 daa	Til 1. gongsbehandling: 60,4 daa	Vedtak: 60,4 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 30 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF, eksisterande og framtidig idrettsanlegg/LNF, alpinområde og uregulert			
Reguleringsplan	Skiheis Ørterhovdaheisen og uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusefnad			
Tilleggsinfo: Innspelet vart forkasta i grovsilinga, grunna at innspelet ligg innanfor markagrensa. Søkjar meiner at markagrensa skulle gått utanfor alpinområdet. Det tenkte området ligg mellom eksisterande hyttefelt og framtidig alpinområde. Dermed vil ikkje marka bli råka av at markagrensa justerast.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-1	Delvis negativt	Området ligg på toppen av hyttefeltet i Bualie, mellom eksisterande hyttefelt og framtidig idrettsanlegg (skiheis). Området består delvis av uproduktiv skog, elles viser kart open fastmark. Området ligg på ein rygg som går ned i ein liten dal mot vest. Hytter på ryggen kan delvis ligge i silhuett. Resten av bebyggelsen vil truleg ikkje ligge i silhuett.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Myr er unngått i 1. gongsbehandling. Står att med boreal hei med svært redusert tilstand og noko naturbeitemark med dårleg tilstand. Mesteparten av området er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og er av naturtypene boreal hei (VU) og naturbeitemark (VU). Tilstanden til den boreale heia er vurdert til svært redusert på grunn av kombinasjonen av gjengroing og spor etter ferdsl med tunge kjøretøyer. Fra korrespondanse med hytteeiere i området kommer det frem at områdene trolig ikkje beites lenger, men at de har blitt beitet til nylig. Det er en betydelig mengde spor etter ferdsl med tunge kjøretøy. Det ble ikke registrert noen menneskeskapt objekter på lokaliteten. Det er ikke funnet fremmede arter på lokaliteten. Tilstanden til naturbeitemarka er vurdert til dårlig på grunn av gjengroing og fordi området ikkje lenger er i bruk. Vegetasjonen befinner seg i tidlig gjenvekstsuksjonsfase. Det ble ikke registrert noen fremmedarter under kartleggingen. Enga gjødsles ikkje.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.

Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Delar av arealet er dyrkbart, og i ØK registrert som lettbrukt areal. Stor avstand til dyrka mark. Truleg ikkje føremålstenleg å dyrke arealet.
Friluftsliv og leikeområde	3	-1	Negativt	Svært viktig friluftsområde. Det går sommar- og vinterløype gjennom området som må vidareførast. Kort avstand til skitrekk og urørt natur. Delar av området går inn i område regulert til skiheis, med planlagt nedfart i innspelsområdet. Innspelet går også inn i område som er avsett til framtidig alpinanlegg. Ved å redusere innspelet i tråd med innstillinga blir dei negative konsekvensane redusert til gul.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Gurisetbekken har moderat økologisk tilstand.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Godt etablert infrastruktur i området, og det ligg til rette for utviding av infrastrukturen. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14). Kort avstand til veg.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til skitrekk, sommar- og vinterløyper og andre tenester. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Langt til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 1,1 km. Tre tappepunkt i feltet. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
<p>Samla vurdering: Innspelet vart forkasta i grovsilinga. Innspelet er difor av ein prinsipiell karakter. Innspelet må sjåast i samheng med Einarset, 24/9.</p> <p>Området ligg godt innanfor satsingsområde for Golsfjellet, og har kort avstand til mange typar aktivitetar. All infrastruktur er etablert i nærområdet, og har kapasitet for utviding. Den nordre delen av området går inn i område regulert til skiheis, med planlagt nedfart i innspelsområdet. Rett nord for området, er det regulert varmetove. Innspelet går også inn i område som er avsett til framtidig alpinanlegg. Dersom heile innspelet blir akseptert, kan dette gå utover utvikling av både eksisterande og framtidig alpinanlegg. Området er dyrkbart, men ligg langt unna dyrka mark. Det er difor truleg ikkje føremålstenleg å dyrke området.</p> <p>Dersom innspelet skal akseptert, tilrår administrasjonen å redusere innspelet i nord, slik at regulert skiheis ikkje blir råka. Området regulert til skiheis er også den mest eksponerte delen av området, då det ligg oppå ein rygg. Alternativet til å fjerne delen av innspelet som er regulert til skiheis, er å legge dette som eit kombinert område for fritidsbusetnad og skiheis.</p> <p>Administrasjonen tilrår også å redusere innspelet i vest, slik at ein ikkje går ut på myra. Dersom innspelet blir redusert, ligg området godt til rette for utbygging. Dersom ein aksepterer innspelet, risikerer ein at andre med innspel innanfor markagrensa også ønskjer utbygging. Formannskapet har tidlegare forkasta innspelet då det ligg innanfor markagrensa.</p> <p>Konklusjon: Administrasjonen tilrår å redusere innspelet til å ikkje gjelde naturbeitemark i nord og myr. Formannskapet vedtok å redusere innspelet til å ikkje gjelde myr.</p>				

## 4.10 Bualie midt, 13/20 – FB-24

Storleik:	Innspel: 33 daa	Til 1. gongsbehandling: 33 daa	Vedtak: 33 daa	
Antal nye einingar:	Truleg leilegheiter. Vanskeleg å sei antal einingar.			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF og planlagt barneskitrekk			
Reguleringsplan	Bualie Ørterstølen og bebyggelsesplan for TB5-TB7 — Bualie			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo: Fordi området er delt i to blir områda greidd ut separat då det kan bli forskjellig konklusjon på dei to områda.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Området ligg på nedsida av hyttefeltet i Bualie, på oversida av Golsfjellvegen. Området består delvis av juletreskog, elles viser kart open fastmark. Området ligg ikkje i silhuett.
Naturmiljø	1	0	Inga omfang	Ikke NiN-kartlagt. Har vært juletreskog inntil nylig. Synfart 16.07.21. Lokaliteten veksler mellom tørr og frisk mark. Artliste: skogstorkenebb, engsyre, engsoleie, rød jonsokblom, sølvbunke, tyrihjel, nesle, enghumleblom, flekkmure, sveveart, harerug, gulaks, marikåpe, geiterams, hvitkløver, setergråurt og mjørdurt. Området har tidligere vært beite/dyrka. Ingen rødlistearter eller fremmedarter ble påvist. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	3	-3	Negativt	Om lag 19 daa har vorte omdisponert til dyrka mark i 2020/2021. Resten av arealet er dyrkbart. Området var ikkje registrert som dyrka ved 1. gongsbehandling av kommuneplan. Arealet var opphavleg dyrka mark, noko ØK viser. Grunneigar fekk i 2001 omdisponert dyrka mark for å drive juletreskog. Dersom det ikkje lenger skal drivast juletreskog vil det vere relevant å tilbakeføre jorda til dyrka mark. Fordi arealet tidlegare har vore dyrka mark, og området er dyrkbart, vil dette arealet vere relevant å omdisponere attende til dyrka mark i framtida.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Skitrekk, skiløype og turstiar ved området. Kort avstand til urørt natur. Planlagt barneskitrekk i området.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy og støv frå Golsfjellvegen, men dette kan truleg enkelt avbøtast. Gurisetbekken har moderat økologisk tilstand.
<b>Samfunn</b>				

Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Godt etablert infrastruktur i området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14). Kort avstand til veg.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til skitrekk, sommar- og vinterløyper og andre tenester. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Stor avstand til brannstasjon. Brannvatn i nærområdet. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
<p>Samla vurdering:</p> <p>Området ligg godt innanfor satsingsområde for Golsfjellet, og har kort avstand til mange typar aktivitetar. All infrastruktur er etablert i området. Området er derimot dyrka mark. Dyrka mark skal ikkje takast i bruk som utbyggingsområde. Det kan eventuelt setjast krav om at tilsvarande areal må dyrkast ein annan plass. Krav om å dyrke det andre arealet før han tek i bruk dette. Kan dette skape presedens for at folk omdisponerer dyrka mark til juletreskog for å seinare kunne bygge?</p>				
<p>Konklusjon:</p> <p>Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet og unnta rettsverknad i påvente av mekling.</p>				

## 4.11 Buo, 13/21 – FB-22

Storleik:	Innspel: 60 daa	Til 1. gongsbehandling: 60 daa	Vedtak: 28,9 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 15 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Reguleringsplan	Bualie Ørterstølen			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	2	Positivt	Området ligg på nedsida av Golsfjellvegen, ved sida av Buo hyttefelt. Området består av skog med låg bonitet. Området ligg ikkje i silhuett.
Naturmiljø	1	0	Inga omfang	Ikke NiN-kartlagt. Nylig hogd og brukes til beite. Synfart 16.07.21. Lokaliteten veksler mellom tørre og fuktige partier. Tyrihjelms dominerer i de fuktige partiene sammen med mjøddurt, sølvbunke, engsyre, vendelrot og hvitbladtistel. Vier, myrhatt, skogsnelle, gullris. I de øvre delene hvor det er mer tørt er det innslag av jåblom, blåkoll, harerug, engmarihånd, sveveart, marikåpe og legevintergrønn. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Den nordlege delen av området er dyrkbart, og i ØK registrert som lettbrukt areal og blokkrik dyrkingsjord. Ved å redusere innspelet til ikkje å gjelde dyrkbar mark, blir det negative omfanget redusert.
Friluftsliv og leikeområde	3	3	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Skitrek, skiløype og turstiar ved området. Kort avstand til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy og støv frå Golsfjellvegen, men dette kan truleg enkelt avbøtast. Gurisetbekken har moderat økologisk tilstand.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Godt etablert infrastruktur i nærområdet. Kommunal avløpsleidning går gjennom området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14). Kort avstand til veg.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til skitrek, sommar- og vinterløyper og andre tenester. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Stor avstand til brannstasjon. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	1	Positivt	I tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal. Dyrkbar mark.
<b>Konklusjon</b>				



**Samla vurdering:**

Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet, og er i tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal. Delar av området er dyrkbart.

**Konklusjon:**


Administrasjonen tilrår å redusere innspelet til å ikkje gjelde dyrkbar mark. Formannskapet vedtok å redusere innspelet til å ikkje gjelde dyrkbar mark.

## 4.12 Bualie nord, 13/20 – FB-20

Storleik:	Innspel: Om lag 94 daa	Til 1. gongsbehandling: 94 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 10 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo: Fordi området er delt i to blir områda greidd ut separat då det kan bli forskjellig konklusjon på dei to områda.				
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	1	Positivt	Området ligg i ei slak austvendt li mellom Gurisetvegen og Golsfjellvegen. Området består av skrinn skog, to hytter og noko dyrka mark. Byrjinga på eit stølslandskap med spreidd busetnad som går til Guriset. Området ligg ikkje i silhuett.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Mesteparten av området er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og er av naturtypen boreal hei (VU). Tilstand er vurdert til dårlig på grunn av rask suksesjon. Det er mye variasjon i gjengroingsstadier på lokaliteten og området er gjengrodd med mye einer i busksjiktet og stedvis mye gran i tresjiktet. Gjengroing med bjørk forekommer også stedvis. Området beites av sau, men tettheten av beitedyr er lav og således er beitetrykket lavt. Det er likevel mye variasjon i beitetrykket, fra fraværende til moderat. Lokaliteten ligger i et fritidsområde, men det er få menneskeskapte objekter. Det går mange stier og det er flere forekomster av turskilt. Det er lite spor av ferdsel med tunge kjøretøy. Det er ikke funnet fremmede arter på lokaliteten. Naturmangfold er vurdert til stort på grunn av størrelse. Den boreale heia er hovedsakelig kalkfattig og det er lite variasjon i økologiske forhold. Det er registrert en kartleggingsenhet. Ingen rødlistearter er registrert. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende med bakgrunn i NiN-kartlegginga.
Kulturminne/kulturverdiar	2	-2	Delvis negativ	Det er registrert 4 kulturminne innanfor området. Desse må takast omsyn til.
Landbruk	2	-2	Delvis negativ	Den delen av området som består av dyrka mark må ikkje takast i bruk som byggeområde. Delar av området er i ØK registrert som lettbrukt, og det same området er registrert som dyrkbart. Skogen er uproduktiv/har låg bonitet. Dyrka mark kan utvidast. Ved å redusere innspelsområdet til å ikkje gjelde dyrka og dyrkbar mark blir omfanget redusert.

Friluftsliv og leikeområde	3	-1	Negativt	Svært viktig friluftsområde. Går vinterløyper gjennom området. Desse må bevarast. Den vestre løypa kan dermed hindre tilkomst til området. Kort avstand til skitrekk. Kort avstand til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy og støv frå Golsfjellvegen, men dette kan truleg enkelt avbøtast. Gurisetbekken har moderat økologisk tilstand.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	1	Positivt	Ikkje etablert infrastruktur inne i området, men kommunal avløpsleidning går gjennom den austlege delen av området. Går straum forbi. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14). Kort avstand til veg.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til skitrekk, sommar- og vinterløyper og andre tenester. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Stor avstand til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 600 m. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	I tråd med strategi om utviding av eksisterande utbyggingsområde før bruk av jomfrueleg areal. I strid med dyrkbar mark.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet, i nærleiken av mange aktivitetar. Området er byrjinga på stølslandskap bort til Guriset. Området omringar dyrka mark, og delar av området er dyrkbart. Slik sett kan dyrka mark utvidast.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 4.13 Guriset, 13/265 næring

Storleik:	Innspel: 53,5 daa	Til 1. gongsbehandling: 53,5 daa	Vedtak: 0 daa	
Omfang av tiltaket:	Om lag 20 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Næringsføremål (fritids- og turistføremål)			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg i eit spreidd stølslandskap med spreidd stølsbebyggelse og mange jorde og mykje beitemark. Området ligg på nordsida av vegen, i skråning ned mot Tisleia. Mykje ny busetnad kan forringe stølslandskapet.
Naturmiljø	3	-2	Negativt	Ikkje registrert spesiell natur. Området er det einaste «urørte» området frå Guriset ned til Tisleia. Denne grønstrukturen vil bli borte om området blir bebygd.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	3	-2	Negativt	Området ligg inntil dyrka mark i vest, og nær sagt heile området er registrert som dyrkbart. ØK seier at området er lett dyrka og med noko blokkrik dyrkingsjord. Området består i dag av uproduktiv skog.
Friluftsliv og leikeområde	3	3	Positivt	Viktig friluftsområde. Kort avstand til skiløype og tursti. Ikkje langt unna skitrekke i Bualie. Kort avstand til urørt natur.
Støy og ureining	2	2	Positivt	Området er potensielt påverka av støy frå isbanen om vinteren. Gurisetbekken har moderat økologisk tilstand. Aktuelt med kommunal tilkopling til avløp.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	Området ligg inntil kommunal avløpsleidning. Går veg og straum forbi området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	2	Positivt	Kort avstand til fleire fritidsaktivitetar. Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Stor avstand til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 1,9 km. Brannvatn i området. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Ligg eit 52 daa stort ubygd næringsområde sør for Gurisetvegen. Dette området bør byggast ut før ein avset nye næringsområde. Fordi området rundt også er LNF kan ein ikkje kalle det fortetting eller utviding av eksisterande felt. Heller ikkje jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Hensikt å utvide næringsområdet sør for vegen til også å gjelde nord for vegen. Området på sørsida av vegen er 52 daa stort, og ikkje bebygd. Dette området bør byggast ut før ein avset nye areal til same føremål. Det eksisterande området er ikkje dyrkbart. Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet. Det nye området er dyrkbart, og dyrka mark kan utvidast.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 4.14 Guriset, 13/15 – NÆ-2



Storleik:	Innspele: 17,7 daa	Til 1. gongsbehandling: 17,7 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 8 nye einingar.			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad for næring/utleige			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ Kulturlandskap	2	-1	Delvis negativt	Området ligg i eit stølslandskap med spreidd stølsbebyggelse og mange jorde og mykje beitemark. Området ligg litt bort frå Gurisetvegen, på nedsida av veggen, delvis skjult av skog. Mykje ny busetnad kan forringe stølslandskapet.
Naturmiljø	1	2	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil dyrka mark og er registrert som dyrkbar. ØK seier at området er lett dyrka og blokkrik dyrkingsjord. Området er delvis inneklemt mellom hytter og vegareal, som gjer det vanskeleg å utnytte heile arealet.
Friluftsliv og leikeområde	3	3	Positivt	Viktig friluftsområde. Kort avstand til skiløype og tursti. Kort avstand til skitrek i Bualie. Kort avstand urørt natur.
Støy og ureining	2	2	Positivt	Området er potensielt påverka av støy frå isbanen om vinteren. Gurisetbekken har moderat økologisk tilstand. Aktuelt med kommunal tilkopling til avløp.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	2	Positivt	Veg og straum inn til området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14). 50-100 meter til kommunal avløpsleidning.
Næringsutvikling	3	2	Positivt	Kort avstand til fleire fritidsaktivitetar. Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Stor avstand til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 1,9 km. Brannvatn i området. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Fordi området rundt også er LNF kan ein ikkje kalle det fortetting eller utviding av eksisterande felt. Heller ikkje jomfrueleg areal. Det ligg eit 52 daa stort ubygd næringsområde på sørsida av Gurisetvegen. Dette området bør byggast ut før ein avset nye næringsområde.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet, i tråd med strategi om utviding av eksisterande område før bruk av jomfrueleg areal. Det ligg eit 52 daa stort område på sørsida av Gurisetvegen som er avsett til næring, som ikkje bebygd i dag. Dette området bør byggast ut før ein avset nye areal til same føremål. Området er dyrkbar, og ligg inntil dyrka mark som kan utvidast. Ein kan redusere innspelet til å gjelde berre nord for den nordlegaste veggen i kartet.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 4.15 Guriset, 13/265 fritid – FB-10



Storleik:	Innspel: 24,4 daa	Til 1. gongsbehandling: 24,4 daa	Vedtak: 14,1 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 10 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Reguleringsplan	Gurisethøgda hyttefelt			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo:	Området har vorte redusert grunna markagrensa.			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg nordvest for, nedanfor Gurisethovda. Området er forholdsvis flatt og består for det meste av open fastmark. Området vil truleg ikkje ligge i silhuett frå Tisleia. Området er byrjinga på eit ubygd område mellom Guriset og Auenhauglie.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Området er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og er av naturtypen boreal hei (VU). Tilstand er vurdert til dårlig på grunn av rask suksesjon. Det er mye variasjon i gjengroingsstadier på lokaliteten og området er gjengrodd med mye einer i busksjiktet og stedvis mye gran i tresjiktet. Gjengroing med bjørk forekommer også stedvis. Området beites av sau, men tettheten av beitedyr er lav og således er beitetrykket lavt. Det er likevel mye variasjon i beitetrykket, fra fraværende til moderat. Lokaliteten ligger i et fritidsområde, men det er få menneskeskapt objekter. Det går mange stier og det er flere forekomster av turskilt. Det er lite spor av ferdsel med tunge kjøretøy. Det er ikke funnet fremmede arter på lokaliteten. Naturmangfold er vurdert til stort på grunn av størrelse på den kartlagte enheten, der innspillsområdet inngår. Den boreale heia er hovedsakelig kalkfattig og det er noe variasjon i økologiske forhold. Det er hovedsakelig variasjon langs uttørkingsgradienten og det er registrert fem kartleggingsenheter. Av rødlistearter ble det under kartleggingen funnet bakkesøte (NT). Polygonet er ikke utfigurert i sin helhet og er kuttet på prosjektgrensa. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkelig med bakgrunn i NiN-kartlegginga.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga omfang	Området består av open fastmark og er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	3	-2	Negativt	Svært viktig og viktig friluftsområde. Skiløype byrjar i vestre enden av eksisterande hyttefelt, og går gjennom området. Sommarsti går også gjennom området. Ligg like ved Gurisethovda, som er ein av topp 11 turar på Golsfjellet. Utviding av eksisterande hyttefelt kan gjere

				tilgangen til urørt natur litt vanskelegare. Området ligg inntil markagrensa. Dersom ein reduserer innspelet slik at stien i sør ikkje blir berørt, blir dei negative konsekvensane redusert til gul.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Området er potensielt påverka av støy frå isbanen om vinteren. Tisleia har god økologisk tilstand. Nokre nye einingar vil truleg ikkje endre dette.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	2	Positivt	Går veg, straum og avløp nesten bort til området, men ikkje inn i området. Gurisethovda hyttefelt er kopla til kommunalt avløp. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	2	Positivt	Kort avstand til fleire fritidsaktivitetar. Innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Stor avstand til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 3 km. Brannvatn om lag 1 km unna. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Utviding av eksisterande hyttefelt. Innanfor satsingsområde for Golsfjellet, kort avstand til aktivitetar.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg inntil markagrensa og er byrjinga på eit større, urørt område på Golsfjellet. Det går både sommar- og vintersti gjennom området. Området ligg like ved Gurisethovda, som er ein av topp 11 turar på Golsfjellet. Utbygging her kan påverke friluftslivet negativt. Innspelet er i tråd med strategi om utviding før bruk av jomfrueleg areal. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å redusere innspelet i sør så det blir likt med eksisterande bebyggelse. Formannskapet vedtok å redusere innspelet i tråd med administrasjonen sin tilråding.				


## 4.16 Oset, 23/11 og 23/92

Storleik:	Innspel: 80,6 daa	Til 1. gongsbehandling: 80,6 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 30 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	1	Positivt	Området ligg i ein slak, austvendt li mellom Golsfjellvegen og Gurisetvegen. Området består av uproduktiv skog og myr. Byrjinga på ubygd landskap mellom Oset og Auenahuglie. Området ligg ikkje i silhuett.
Naturmiljø	3	-3	Negativt	Området består i stor grad av myr. Artsinventaret observert på synfaring kan tyde på at myra er rikmyr på grunn av større artsmangfald og orkideen engmarihand.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Heile området er registrert som dyrkbart, og er i ØK registrert som lettbrukt areal. Store delar av området er myr.
Friluftsliv og leikeområde	2	-1	Delvis negativt	Viktig friluftsområde. Går både sommar- og vinterløype midt gjennom området. Denne må bevarast. Løypa kan hindre tilkomst til den indre delen av området. Kort avstand til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy og støv frå Golsfjellvegen, men dette kan truleg enkelt avbøtast. Gurisetbekken har moderat økologisk tilstand.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	1	Positivt	Ikkje etablert infrastruktur inne i området, men kommunal avløpsledning går midt gjennom området. Går straum forbi. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14). Kort avstand til veg.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til skitrek, sommar- og vinterløyper og andre tenester. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Den nordre delen av området er utsett for flaum frå Gurisetbekken. Må gjerast flaumvurderingar på reguleringsplannivå. Langt til brannstasjon. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	2	Positivt	I tråd med strategi om utviding av eksisterande utbyggingsområde før bruk av jomfrueleg areal. Innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet med kort avstand til fritidsaktivitetar og urørt natur. Skiløypa midt gjennom området kan gjere tilkomst vanskeleg til den indre delen av området. Den nordre delen av området er flaumutsett. Området har eit stort artsmangfald, som kan indikere rikmyr. Mesteparten av området består av myr, som i tillegg er utfordrande/negativt å bygge på.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 4.17 Oset, 23/11

Storleik:	Innspel: 50,6 daa	Til 1. gongsbehandling: 50,6 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar:	20 einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNf/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tilleggsinfo:	Området har vorte redusert grunna omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø.			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Ligg i eit flatt område som byrjinga på eit større våtmarksområde. Ligg inntil eit eksisterande hyttefelt. Området ligg ikkje i silhuett
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Området ligg innanfor eit svært viktig hekkeområde for våtmarksfugl. Dette området beveger seg også over eksisterande hytteområde. Randsone til eit større våtmarksområde.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	3	-2	Negativt	Området består av uproduktiv skog og er registrert som dyrkbart. I ØK er arealet registrert som lettdyrka og blokkrik dyrkingsjord. Området ligg inntil dyrka mark.
Friluftsliv og leikeområde	2	-1	Delvis negativt	Viktig friluftsområde. Går både sommar- og vinterløype mellom området og eksisterande hytteområde. Desse må bevarast. Kort tilgang til urørt natur. Utbygging kan potensielt vanskeleggjere tilgang til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Kamben og Møni bekkefelt har moderat økologisk tilstand. Tisleia har god.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	2	Positivt	Teknisk infrastruktur er etablert bort til området, men ikkje inne i området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet. Kort avstand til mange fritidsaktivitetar.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Stor avstand til brannstasjon, tilkomstveg i ein retning siste 800 m. Brannvatn om lag 200 m unna. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	2	Positivt	Utviding av eksisterande hyttefelt er i tråd med overordna føringar. Innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utviding av eksisterande hyttefelt og innanfor satsingsområde for Golsfjellet. Er byrjinga på eit større våtmarksområde og hekkeområde for våtmarksfugl. Dyrkbar mark og inntil dyrka mark.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 4.18 Oset Høyfjellshotell, 23/208 – KBA-9

Storleik:	Innspel: 72 daa	Til 1. gongsbehandling: 72 daa	Vedtak: 59 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 25 nye einingar.			
Dagens føremål KP/RP:	Næring/LNF, hotell og uregulert			
Reguleringsplan	Oset hotell, planID 1986006			
Omsøkt føremål:	Kombinert føremål for næring, fritidsbustader og leilegheiter			
Tilleggsinfo: Innspelet utvidar ikkje byggeområde, berre endring av føremål.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	0	Inga omfang	Området er allereie avsett til næringsverksemd i eksisterande kommuneplan. Området vil ikkje endre karakter ved endring frå næring til kombinert føremål.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Deler av området er kartlagt etter NiN-metodikken sommer/høst 2020 og er av typen boreal hei. Området er også kartlagt av Gol kommune i løpet av 15-17. juli 2020. NiN-kartlegginga vurderer tilstanden til å være dårlig på grunn av gjengroing. Det er lite variasjon i gjengroingsstadier på lokaliteten og området er i hovudsak tett gjengrodd (med bjørk, gran og furu) tilsvarende en sein gjenvekstsuksessjonsfase. Området beites ikke. Lokaliteten ligger i et fritidsområde og er til en viss grad preget av menneskeskapte objekter og aktivitet (turløyper og skispor). Det er registrert 1 menneskeskapte objekter (fritidsområder). Det er lite eller ingen spor av ferdsel med tunge kjøretøy. Det er ikke funnet fremmede arter på lokaliteten. Naturmangfold er vurdert til moderat på grunn av størrelsen. Heia er hovudsakelig frisk til tørr og kalkfattig og det er lite variasjon i økologiske forhold (2 ulike kartleggingsenheter). Det ble ikke registrert noen rødlistearter under kartleggingen. Lokaliteten er ikke utfigurert i sin helhet, noe som betyr at naturtypen er den samme utenfor kartleggingsgrensa. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende med bakgrunn i NiN-kartlegging og egen kartlegging.  Det er registrert myr i delar av det avsette området.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	-2	Delvis negativt	Registrert eit kolframstillingsanlegg innanfor området, samt eit jernvinningsanlegg på grensa til innspel for 13/265, nede ved Tisleia. Desse må takast vare på.
Landbruk	2	0	Inga omfang	Området ligg inntil dyrka mark og delar av området er dyrkbart. Heile området er i dag avsett til næring.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Viktig friluftsområde. Kort tilgang til både sommar- og vinterløyper og urørt natur. Godt grunnlag for aktivitetar nede ved Tisleia.

Støy og ureining	2	1	Positivt	Potensielt støy og støv frå Golsfjellvegen. Endring av føremål frå næring til fritid vil ikkje føre til meir støy og ureining.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	2	Positivt	Etablert infrastruktur til området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet. Kort avstand til mange fritidsaktivitetar.
Risiko og sårbarheit	2	-2	Delvis negativt	Langt til brannstasjon, tilkomst i to retningar. 200 meter til brannvassuttak. Den nordre delen av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum frå Tisleia. Gurisetbekken renn gjennom delar av området. Konkret flaumfare må greiast ut på reguleringsplannivå. Endring av føremål aukar ikkje faren for flaum. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet og er i dag avsett til næring. Det vil difor ikkje bli avsett nytt areal til busetnad.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: I gjeldande kommuneplan er det for næringsområde (H1-H8) tillate at inntil 50 % av nye einingar blir avsett til fritidsbusetnad for fritt sal. Innspelet vil dermed ikkje endre noko særleg arealbruk. Hotellet er ikkje omfatta av innspelet.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet då det ikkje er nytt byggeområde, men å redusere byggeområde slik at myr ikkje blir berørt. Formannskapet vedtok å redusere innspelet.				

## 4.19 Oset/Tisleia, 13/265 – FB-30


Storleik:	Innspel: 128 daa	Til 1. gongsbehandling: 128 daa	Vedtak: 23 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 25 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbustnad med tilhøyrande aktivitetar (under synfaring vart det nemnd båtbrygge, strandpromenade, sykkelsti)			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området har vorte redusert til å ikkje gjelde 100-metersbeltet for vatn og vassdrag. Dette har redusert omfanget. Strandsona ved Tisleia er for det meste ubygd, med unntak av enkelte naust og eit par enkelthytter ved Oset og Auenhauglie. Utbygging ved strandsona kan øydelegge dette uttrykket.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Deler av området er kartlagt etter NiN-metodikken sommer/høst 2020 og er av typen boreal hei. Området er også kartlagt av Gol kommune i løpet av 15-17. juli 2020. NiN-kartlegginga vurderer tilstanden til å være dårlig på grunn av gjengroing. Det er lite variasjon i gjengroingsstadier på lokaliteten og området er i hovedsak tett gjengrodd (med bjørk, gran og furu) tilsvarende en sein gjenvekstsuksessjonsfase. Området beites ikke. Lokaliteten ligger i et fritidsområde og er til en viss grad preget av menneskeskapte objekter og aktivitet (turløyper og skispør). Det er registrert 1 menneskeskapte objekter (fritidsområder). Det er lite eller ingen spor av ferdsel med tunge kjøretøy. Det er ikke funnet fremmede arter på lokaliteten. Naturmangfold er vurdert til moderat på grunn av størrelsen. Heia er hovedsakelig frisk til tørr og kalkfattig og det er lite variasjon i økologiske forhold (2 ulike kartleggingsenheter). Det ble ikke registrert noen rødlistearter under kartleggingen. Lokaliteten er ikke utfigurert i sin helhet, noe som betyr at naturtypen er den samme utenfor kartleggingsgrensa. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende med bakgrunn i NiN-kartlegging og egen kartlegging.
Kulturminne/kulturverdiar	2	-2	Delvis negativt	Registrert eit jernvinneanlegg ved grensa til næringsarealet nede ved Tisleia. Dette må takast vare på.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Området består av uproduktiv skog. Området er registrert som dyrkbart. Området er i ØK registrert som lettbrukt, og delar av området er blokkrik dyrkingsjord.

Friluftsliv og leikeområde	3	-2	Negativt	Viktig friluftsområde. Utbygging kan skape ein barriere mot Tisleia, og dermed gjere tilkomst til vatnet vanskelegare. Kort tilgang til både sommar- og vinterløyper og urørt natur. Godt grunnlag for aktivitetar nede ved Tisleia. Aktivitetsområde kan og gjere området og Tisleia meir attraktivt.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil reinseanlegget for Golsfjellet. Dette skapar noko trafikk i samband med slamtømming, samt at det kan skape lukt. Det er viktig med avstand til reinseanlegget. Utslepp ved reinseanlegget skal tilfredsstillere krav til badevasskvalitet. Potensiell støv og støy frå Golsfjellvegen.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	2	Positivt	Det går infrastruktur til området, men ikkje inn i området. Området ligg innanfor tettbebyggelsen for Golsfjellet (kap. 14).
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet. Kort avstand til mange fritidsaktivitetar.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Langt til brannstasjon. Dersom Tisleia kan brukast som brannvassuttak, er avstanden kort dit. Etter at området har vorte redusert, ligg berre ein liten del i aust innanfor aktsemdsområde for flaum. Konkret flaumfare greiast ut på reguleringsplannivå.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Området ligg inntil eit 264 daa stort kombinert område for fritidsbusetnad/fritids- og turistføremål der camping er tillate. Dette området er ikkje utbygd, og bør byggast ut før ein avset nye område til fritidsbusetnad. Området ligg innanfor satsingsområde for Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Delar av området ligg innanfor 100-metersbeltet til vatn og vassdrag, og området ligg inntil reinseanlegget for Golsfjellet. Området mot Tisleia er utsett for flaum. Båtbrygge og strandpromenade kan gjere Tisleia meir attraktiv. Innspelet får færre negative konsekvensar dersom ein sikrar 100-metersgrensa til Tisleia.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet redusert.				

### Samla konsekvensar for Golsfjellet aust

Storleik (daa) til 1. gongsbehandling:	933
Storleik (daa) lagt inn:	388
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	294
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	210
Tapt dyrka mark (daa)	20
Tapt dyrkbar mark (daa)	164
Tapt myr (daa)	17

Av arealinnspela som kom inn har kommunen fjerna 545 daa med ønskt utbyggingsareal, blå strek i Figur 6, side 73. Kommunen har lagt inn 408 daa med utbyggingsformål (raud strek). 283 daa er endra frå LNF-formål til utbyggingsformål. 125 daa er endring av eksisterande utbyggingsformål. Totalt vil 20 daa dyrka mark bli omgjort frå LNF-formål til utbyggingsformål. 119 daa dyrkbar mark blir endra frå LNF-formål til byggeformål, og 2 daa myr blir endra frå LNF-formål til byggeformål.




Figur 6: Figuren viser innspel med dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar i området Golsfjellet aust. Innlagte innspel har raud strek, innspel som er fjerna har blå strek, stølar som var aktive i 2008 har blått kryss og stølar som framleis var aktive i 2022 har raudt kryss. Område som er unntate rettsverknad har svart strek.

## 5. Golsfjellet vest

Området ligg på vestsida av Golsfjellet, og strekk seg frå Auenhauglie til GolfAlpin. Området består av fleire hyttefelt og hotell, men også stølar og landbruk. Delar av området ligg innanfor verneplan for Logga, som er eit verna vassdrag. Vernegrunnlaget er at vassdraget er sentralt i eit attraktivt landskap og utgjer viktige delar av naturmangfaldet. Viktig for friluftsliv og restfelt i eit elles sterkt vasskraftutbygd område (NVE, 2021). Det har vore viktig å sikre avstand til Logga innanfor verneområdet. Innspel i verneområdet som er nærare vassdrag enn 100 meter er difor fjerna, med unntak av innspelet på Fuglehaugen.

Området ligg utanfor det kommunale reinsedistriktet på Golsfjellet. I Auenhauglie når tettstaden snart 2 000 PE, som betyr at ein får strengare reinsereglar til avløpsanlegg og Statsforvaltaren overtek som forureiningsmynde. For å vere klare for dette, er det lagt inn infrastruktursone (H410) mellom Auenhauglie og Oset, som gjer at Auenhauglie kan kople seg til det kommunale reinseanlegget når det blir behov.

Nærleik til hotell og skiløyper gjer særleg Auenhauglie til eit naturleg satsingsområde for reiseliv. På same måte som Golsfjellet aust består også Golsfjellet vest av fleire stølar, med mykje dyrka mark, dyrkbar mark og beite. Her også er utfordringa å finne god samhandling mellom fritidsbustader og landbruk.





Figur 7: Viser utbyggingsområdet for Golsfjellet vest. Dei røde områda er områda som har vorte lagt inn, og dei blå områda er innspelsområda som ikkje har vorte lagt inn.

## 5.1 Løggestølen, 38/21 – FB-26



Storleik:	Innspel: 28 daa	Til 1. gongsbehandling: 28 daa	Vedtak: 18,4 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 9 einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Regplan:	Auenhauglii PlanID: 1985007			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg i tilknytning til hyttefeltet på Løggestølen og vil utvide dette feltet. Området ligg heilt nede ved Tisleia, innanfor 100-metersbeltet til vatn og vassdrag. Strandsona ved Tisleia er for det meste ubygd, med unntak av enkelte naust og eit par enkelthytter ved Oset og Auenhauglie. Utbygging i strandsona kan øydelegge dette uttrykket. Etter å ha redusert området til ikkje å gjelde 100-metersbeltet, har konsekvensen vorte mindre.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Innanfor 100-metersbeltet til vatn og vassdrag. Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase. Frå Løggestølen er det urørt strandsonen til Hemsedal. Denne strandsona vil bli forminska ved utbygging. Ved å unngå 100-metersbeltet har konsekvensen vorte mindre.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Registrert eit kolframstillingsanlegg like aust for området. Dette kjem ikkje i konflikt med utbygging.
Landbruk	1	0	Inga relevans	Området består av uproduktiv skog og er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	3	-2	Negativt	Svært viktig friluftsområde. Går sommarsti gjennom området og om lag 1 km til skiløype. Inntil urørt natur. Utbygging kan vanskeleggjere tilkomst til Tisleia og vere med på å skape ei barriere mellom Auenhauglie og Tisleia. Ved å redusere området til ikkje å gjelde 100-metersbeltet blir konsekvensen redusert til gul.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Tisleia har god økologisk tilstand. Om lag 9 nye einingar har truleg liten påverknad på bekkfeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det er godt etablert infrastruktur i området. Avløpssituasjonen i Auenhauglie og Løggestølen nærmar seg full kapasitet og må utvidast før vidare utbygging.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.

Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Langt til brannstasjon, tilkomstveg ein retning siste 1,4 km. Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Utviding av eksisterande hyttefelt.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg innanfor 100-metersbeltet til vatn og vassdrag. Området ligg inntil både eksisterande hyttefelt og urørt natur. Innspelet vil redusere urørt strandsone mellom Løggestølen og Hemsedal. Innspelet får færre negative konsekvensar dersom ein sikrar 100-metersgrensa til Tisleia.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å redusere innspelet for å oppretthalde 100-metersbeltet til Tisleia. Formannskapet vedtok å redusere innspelet i tråd med administrasjonen sin tilråding.				



## 5.2 Auenhauglie, 46/31

Storleik:	Innspel: 22 daa	Til 1. gongsbehandling: 22 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar/omfang av tiltaket:	Om lag 7 fritidseiningar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Regplan:	Auenhauglii PlanID: 1985007			
Omsøkt føremål:	Fritidsbustader			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	1	Positivt	Området ligg nær hyttefeltet i Auenhauglie, men ligg likevel utanfor bebyggelsen. Blanding av utviding av eksisterande hytteområde og bruk av jomfrueleg areal. Busetnad kan truleg skjulast av skog.
Naturmiljø	1	2	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Området består av uproduktiv skog og er dyrkbart. Området er ein del av eit større dyrkbart område som kan bli eit stort jorde i framtida.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommarsti og skiløype. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Auenhauglia bekkefelt har særskild god økologisk tilstand med noko avrenningsproblematikk frå landbruk. Tisleia har god økologisk tilstand. Nokre få nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det er godt etablert infrastruktur i Auenhauglie. Avløpssituasjonen i Auenhauglie nærmar seg full kapasitet og må utvidast før vidare utbygging. Ligg innanfor tettbebyggelse Golsfjellet Vest, som er 1 991 pe. Ved utviding vil Statsforvaltaren overta som forureiningsmynde.
Nærings- utvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Langt til brannstasjon, tilkomstveg to retningar. Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn. Låg risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding og innanfor satsingsområde Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utbygging vil vere utviding av eksisterande hyttefelt. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging. Området er ein del av eit større, dyrkbart område som ligg i tilknytning til dyrka mark.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 5.3 Auenhauglie, 29/1 – FB-25

Storleik:	Innspel: 32 daa	Til 1. gongsbehandling: 32 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 10 tomter			
Dagens føremål KP/RP:	LNF spreidd fritidsbusetnad/LNF			
Regplan:	Auenhauglia PlanID: 2010001			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Ligg i hyttefeltet i Auenhauglie. Området vil ikkje forandrast ved utviding av eksisterande felt.
Naturmiljø	1	2	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Området består av uproduktivt skog og er ikkje dyrkbart. Registrert som svært godt utmarksbeite. Området er inneklemt.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommarsti og skiløype. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Potensielt støy og støv frå Auenhauglivegen, men dette kan truleg enkelt avbøtast. Auenhauglia bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko avrenningsproblematikk frå landbruk. Tisleia har god økologisk tilstand. Om lag 10 nye einingar kan ha noko negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det er godt etablert infrastruktur i området. Ligg innanfor tettbebyggelse Golsfjellet Vest, som er 1 991 pe. Ved utviding vil Statsforvaltaren overta som forureiningsmynde.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg i tilknytning til hyttefeltet i Auenhauglie og er utviding av eksisterande felt. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 5.4 Auenhauglie, 25/33 – FB-25


Storleik:	Innspel: 7 daa	Til 1. gongsbehandling: 7 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar/omfang av tiltaket:	Om lag 4 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF spreidd fritidsbusetnad/LNF			
Regplan:	Auenhauglia PlanID: 2010001			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Ligg i hyttefeltet i Auenhauglie. Området vil ikkje forandrast ved utviding av eksisterande felt.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase. Området inneheld ein grønkorridor som kan bli forringa.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Området består av uproduktiv skog og er ikkje dyrkbart. Ligg inntil innmarksbeite i sør, og den sørlegaste biten av området er registrert som innmarksbeite. Denne delen må ikkje takast i bruk som byggeområde. I beitebruksplan er området registrert som beitevoll og hagemarkskog.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommarsti og skiløype. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Auenhauglia bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko avrenningsproblematikk frå landbruk. Tisleia har god økologisk tilstand. 3—4 nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det er godt etablert infrastruktur i området. Ligg innanfor tettbebyggelse Golsfjellet Vest, som er 1 991 pe. Ved utviding vil Statsforvaltaren overta som forureiningsmynde.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding og innanfor satsingsområde Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utbygging vil vere utviding av eksisterande hyttefelt. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 5.5 Auenhauglie, 27/25 nord


Storleik:	Innspel: 88 daa	Til 1. gongsbehandling: 88 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 25 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF spreidd fritidsbusetnad/ LNF og friområde			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Regplan:	Auenhauglia PlanID: 2010001			
Tilleggsinfo: Fordi området er delt i to blir områda greidd ut separat då det kan bli forskjellig konklusjon på dei to områda.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	3	-2	Negativt	Området ligg i eit stølslandskap med spreidd stølsbebyggelse og mange jorde og mykje beitemark. Området er ubygd ned til Golsfjellvegen, og er byrjinga på eit ubygd område mellom Auenhauglie og Guriset. Sett bort frå Golsfjellet Apartment og Løggestølane er det nesten ikkje busetnad nær Tisleia. Utbygging nede ved Golsfjellvegen kan forringe dette uttrykket. Hyttefeltet sluttar på rundt kote 860. Sjølv om området ikkje vil ligge i silhuett vil eksponeringsgraden frå Tisleia vere stor. Utbygging her er ein blanding av utviding av eksisterande hyttefelt og jomfrueleg areal. Konsekvensen kan forminskast dersom innspelet blir redusert.
Naturmiljø	1	2	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Området må kulturminneregistrerast, jf. Uttale frå fylkeskommunen datert 11.10.2017.
Landbruk	2	-3	Negativt	Området består av skog med låg bonitet og litt uproduktiv skog. Heile området er registrert som dyrkbart. I ØK er området registrert som lettbrukt areal. Stort areal med stort potensial for å dyrke. Området ligg inntil innmarksbeite.
Friluftsliv og leikeområde	3	1	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommarsti og skiløype. Kort veg til urørt natur. Det går ein tursti gjennom heile området, ned til Golsfjellvegen. Denne må bevarast.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Auenhauglia bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko avrenningsproblematikk frå landbruk. Tisleia har god økologisk tilstand. 17 nye einingar kan ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det er godt etablert infrastruktur i området. Ligg innanfor tettbebyggelse Golsfjellet Vest, som er 1 991 pe. Ved utviding vil Statsforvaltaren overta som forureiningsmynde.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.

Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Utviding av eksisterande hyttefelt.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Det omsøkte området er ubyggd, og utbygging frå Stølsvegen og ned til Golsfjellvegen kan forringe stølslandskapet i denne delen av Auenhauglie. Området er 400 meter langt, noko som vil gi tydeleg eksponering frå Tisleia. Dersom innspelet skal tilråddast bør det minskast, for eksempel til den høgdekota der mesteparten av bebyggelsen i Auenhaugle sluttar. For eksempel ved høgdekote 860. På den måten kan ein få inn einingar samstundes som ein ikkje får busetnad ned mot Tisleia. Området har stort potensial for dyrking.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				



## 5.6 Auenhauglie, 27/25 sør – FB-17

Storleik:	Innspel: 3,6 daa	Til 1. gongsbehandling: 3,6 daa	Vedtak: 3,6 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 3 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF spreidd fritidsbusetnad/LNF			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Regplan:	Auenhauglia PlanID: 2010001			
Tilleggsinfo: Fordi området er delt i to blir områda greidd ut separat då det kan bli forskjellig konklusjon på dei to områda. Innspelet har vorte redusert grunna markagrensa.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Området ligg i tilknytning til Støshøgde hyttefelt, og ligg mellom markagrensa og eksisterande fritidsbusetnad. Utbygging her kan karakteriserast som mild utviding av eksisterande hyttefelt og vil ikkje auke eksponeringsgraden av hyttefeltet.
Naturmiljø	1	-1	Delvis negativt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase. Ligg inntil markagrensa.
Kulturminne/Kulturverdiar sør	2	1	Positivt	Registrert eit kolframstillingsanlegg like aust for området. Dette kjem ikkje i konflikt med utbygging. Området må kulturminneregistrerast, jf. Uttale frå fylkeskommunen datert 11.10.2017.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Området består av open fastmark. Området ligg inntil dyrka mark og er sjølv dyrkbart. Dyrka mark kunne kanskje vore utvida hit. Dårleg arrondering å ta med denne biten.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommarsti og skiløype. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Auenhauglia bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko avrenningsproblematikk frå landbruk. Tisleia har god økologisk tilstand. 3—4 nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis Negativt	Det er godt etablert infrastruktur i området. Innanfor tettbebyggelse Golsfjellet Vest, som er 1 991 pe. Ved utviding vil Statsforvaltaren bli forureiningsmynde.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn. Tilkomstveg ein retning siste 1,8 km.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding og innanfor satsingsområde Golsfjellet.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utbygging vil vere mild utviding av eksisterande hyttefelt. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				



## 5.7 Auenhauglie, 29/2 – FB-25

Storleik:	Innspel: 26 daa	Til 1. gongsbehandling: 26 daa	Vedtak: 20 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 4 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	Spreidd fritidsbusetnad/ Uregulert, LNF og fritidsbustader			
Regplan:	Auenhauglia PlanID: 2010001 Auenhauglii PlanID: 1985007			
Omsøkt føremål	Fritidsbustader			
Tilleggsinfo:	Søkjjar har redusert innspelsområdet til å gjelde innanfor reguleringsplan-området.			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	2	Positivt	Området ligg i tilknytning til hyttefeltet i Auenhauglie og det finst allereie 4 bebygde tomter i området. Karakteren vil ikkje endrast med fortetting av nokre fleire einingar.
Naturmiljø	1	2	Positivt	Ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Delar av området er dyrka mark. Dette skal ikkje byggast ut. Delar av området er dyrkbar. Slik sett kan det dyrka området utvidast.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommarsti og skiløype. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Auenhauglia bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko avrenningsproblematikk frå landbruk. Tisleia har god økologisk tilstand. Nokre få nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	2	Positivt	Det er godt etablert infrastruktur i området, og det blir nemnd i innspelet at det skal samarbeidast med naboen i vest om infrastruktur. Ligg innanfor tettbebyggelse Golsfjellet Vest, som er 1 991 pe. Ved utviding vil Statsforvaltaren bli forureiningsmynde.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om fortetting.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utbygging vil vere fortetting av eksisterande hyttefelt. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging. Området er delvis omfatta av både dyrka og dyrkbar mark. Dyrka mark skal ikkje takast i bruk som byggeområde, og dyrka mark kan utvidast. Positivt at det er tenkt samarbeid med naboen om infrastruktur.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å redusere innspelet til ikkje å gjelde dyrka eller dyrkbar mark.				

## 5.8 Golsfjell Fjellstue, A1, 37/9 – FB-25



Storleik:	Innspele: 23 daa	Til 1. gongsbehandling: 23 daa	Vedtak: 18 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 10 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/aktivitetsområde			
Regplan:	Golsfjellet fjellstue PlanID: 2012001			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	2	Positivt	Området ligg i tilknytning til hyttefeltet i Auenhauglie. Skog kan skjule bebyggelsen.
Naturmiljø	1	2	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Observert eit automatisk freda kulturminne på andre sida av vegen i sørvest.
Landbruk	3	-2	Negativt	Området ligg inntil dyrka mark og er dyrkbart. Større, dyrkbare areal i nærområdet som kan bli store jorde. Området består av skog med låg bonitet.
Friluftsliv og leikeområde	3	-2	Negativt	Svært viktig friluftsområde. Kort veg til sommarsti og skiløype. Området er regulert til aktivitetsområde. Utbygging vil fjerne aktivitetsområdet.
Støy og ureining	1	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Auenhauglia bekkefelt har særst god økologisk tilstand med noko avrenningsproblematikk frå landbruk. Tisleia har god økologisk tilstand. 8 nye einingar vil truleg ikkje ha negativ påverknad på bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativt	Det er godt etablert infrastruktur i området, og det blir nemnd i innspelet at det skal samarbeidast med naboene i aust om infrastruktur. Ligg innanfor tettbebyggelse Golsfjellet Vest, som er 1 991 pe. Ved utviding vil Statsforvaltaren bli forureiningsmynde.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Kort avstand til sommar- og vinterløype, urørt natur og andre tenestetilbod. Innanfor satsingsområde Golsfjellet.
Risiko og sårbarheit	2	-1	Delvis negativt	Ikkje kjend med at eksisterande VA-plan inneheld brannvatn. Dette må inn.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	I tråd med strategi om utviding.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utbygging vil vere utviding av eksisterande hyttefelt. Uheldig å ta i bruk aktivitetsområde til utbygging. Området er dyrkbart og ligg inntil dyrka mark. Med tanke på eksisterande infrastruktur og aktivitetstilbod eignar området seg godt til utbygging. Positivt at det er tenkt samarbeid med naboene om infrastruktur.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å redusere innspelet.				

## 5.9 Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8



Storleik:	Innspel: 190 daa	Etter 1. gongsbehandling: 177 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 60 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Regplan:	Lauvsjø stølslag PlanID: 1991003			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Ligg i eit forholdsvis flatt område. Området er utan busetnad, og dermed jomfrueleg areal. Utbygging vil forandre området. Området vil truleg skjulast av skog.
Naturmiljø	3	-3	Negativt	Området er kartlagt etter NiN-metoden sommer/høst 2020 og er av naturtypen boreal hei (VU). Tilstand er vurdert til dårlig på grunn av gjengroing. Det er mye variasjon i gjengroingsstadier på lokaliteten og det varierer fra åpent og intakt til tett gjengrodd (med einer, bjørk og gran), i snitt tilsvarende en sein gjenvekstsuksjonsfase. Det er også mye variasjon i beitetrykket, fra fraværende til moderat (da hovedsakelig av sau), i snitt lavt. Lokaliteten er i uvesentlig grad preget av menneskeskapte objekter og aktivitet med unntak av enkelte turstier. Det er registrert 1 menneskeskapte objekter (arealbrukskategori). Det er lite eller ingen spor av ferdsel med tunge kjøretøy. Det er ikke funnet fremmede arter på lokaliteten. Naturmangfold er vurdert til stort på grunn av størrelsen av kartleggingsområdet som innspillet inngår i. Heia er hovedsakelig frisk til tørr og kalkfattig til intermedier, men det er mye variasjon i økologiske forhold (bare 2 kartleggingsenheter fordi øvrige typer utgjør under 20% av arealet). Det forekommer også spredt med myrdrag og flekker av blokkmark. Det ble ikke registrert noen rødlistearter under kartleggingen. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget til å være tilfredsstillende.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativt	Uproduktiv skog. Mykje av arealet er dyrkbart, og i ØK registrert som lettbrukt areal.
Friluftsliv og leikeområde	3	3	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Det går både sommarsti og skiløype langs sørenden av området. Løyper og stiar må vidareførast. Kort veg til urørt natur. Området ligg inntil markagrensa.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Potensielt støy og støv frå Auenhauglivegen, men dette kan truleg enkelt avbøtast. Økologisk tilstand til resipienten Logga bekkefelt er moderat. 30–40 nye hytter kan ha negativ påverknad på vassdraget.
<b>Samfunn</b>				

Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativ	Det går veg og straum forbi området. Ikkje opparbeidd noko infrastruktur inne i området. Delar av området er middels eigna for infiltrasjon. Næraste tettbebyggelse i kapittel 13, Velforeningen Lauvsjø hyttegrend og Lauvsjø Hyttefelt C, ligg om lag 450 meter unna.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativ	Kort veg til sommarsti og skiløype. Ikkje gåavstand til andre tenestetilbod. Utanfor satsingsområde for reiseliv.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Ingen kjende farar.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Tiltaket vil ta i bruk jomfrueleg areal. Dette er delvis i strid med overordna føringar. Innspelet vil legge beslag på mykje areal til veg inne i området.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg for seg sjølv langs Auenhauglivegen og oppfattast dermed som eit nytt utbyggingsområde. Det er god tilgang til friluftsliv. Det går veg forbi området, men det er ikkje opparbeidd noko infrastruktur inne i området. Området er registrert som dyrkbart og lettbrukt areal.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				



## 5.10 Lauvsjø, 38/3

Storleik:	Innspelet: 21 daa	Til 1. gongsbehandling: 21 daa	Vedtak: 0 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 8 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Regplan:	Lauvsjø stølslag PlanID: 1991003			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	1	Positivt	Ligg i utkanten av stølsgrenda, i stølslandskap, mot Nystøltjernet. Ligg på open fastmark med noko myr i nord- og sørenden.
Naturmiljø	3	-2	Negativt	Ikkje fysisk kartlagt. Området ligg innanfor <a href="#">verneplan for Logga</a> , med 100 meters byggeforbod langs vatn og vassdrag. Nystøltjernet ligg om lag 50 meter nord for området, og det går ein bekk rett aust for området.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	3	-2	Negativt	Arealet er gammalt beiteareal. Mesteparten av arealet er dyrkbart, og i ØK står delar av arealet som lettbrukt, samt blokkrik dyrkingsjord og sjølvdrenerert dyrkingsjord.
Friluftsliv og leikeområde	3	3	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Sti rett nord for området og skiløype om lag 400 meter unna området. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	-1	Inga relevans	Ingen spesiell støy i området. Logga bekkefelt har moderat økologisk tilstand. 5—6 hytter vil truleg i liten grad forureine bekkefeltet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Går veg og straum forbi området. Ikkje opparbeidd noko infrastruktur inne i området. Ein liten del av området er middels eigna for infiltrasjon, resten er ueigna. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13 eller kapittel 14.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativt	Kort avstand til skiløype. Ikkje gåavstand til andre tenestetilbod. Utanfor satsingsområde for reiseliv.
Risiko og sårbarheit	2	-2	Delvis negativt	Austre delen av området er omfatta av aktsemdområde for flaum frå bekken ned frå Nystøltjernet. Eventuelle tomter kan leggest utanfor dette området. Tilkomstveg i ein retning siste 1 km.
Strategi for framtidig arealbruk	2	1	Positivt	Utviding av eksisterande hytteområde.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Utviding av eksisterande hytteområde. God tilgang til friluftsliv utan å legge beslag på friluftareal. Arealet er gammalt beiteareal og kan truleg eigne seg for dyrking. Dyrkbart areal er ikkje ein fornybar ressurs, og bør vernast. Ligg innanfor 100 meter til verna vassdrag.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				


## 5.11 Lauvsjø, 35/12, FB-32

Storleik:	Innspel: 20 daa	Til 1. gongsbehandling: 20 daa	Vedtak: 7 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 4 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF			
Regplan:	Lauvsjø stølslag PlanID: 1991003			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Grunneigar har under offentlig ettersyn føreslege å redusere innspelet til om lag 7 daa og fire einingar.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	-1	Delvis negativt	Ligg i ei sørvend li med skinn vegetasjon. Ligg mellom to stølsgreider. Eksponert frå Auenhauglivegen.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Området ligg inntil omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø. Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-1	Delvis negativt	Open fastmark. Området er registrert som dyrkbart. Avstanden til innmarksbeite er om lag 100 meter, men det er ein bekk mellom området og innmarksbeitet.
Friluftsliv og leikeområde	3	3	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Sommarsti 100 meter unna området, skiløype om lag 500 meter unna området. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Ingen spesiell støy i området. Logga bekkefelt har moderat økologisk tilstand medan Logga har god økologisk tilstand. 4 nye einingar vil truleg ha lite effekt på Lauvsjøen.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativ	Det går veg forbi området og straum gjennom området. Ikkje opparbeidd noko infrastruktur inne i området. Området er ueigna for infiltrasjon. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativt	Kort veg til sommarsti og skiløype. Langt unna andre tenestetilbod. Utanfor satsingsområde for reiseliv.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Tilkomstveg i ein retning siste km.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-2	Delvis negativt	Tiltaket vil ta i bruk jomfrueleg areal. Dette er i strid med overordna føringar. Innspelet kan legge beslag på noko areal til veg inn i området.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg mellom to stølsgreider. Det er god tilgang til friluftsliv. Det går veg forbi området, og det går straum forbi, men det er ikkje opparbeidd noko infrastruktur inne i området. Området er dyrkbart med forholdsvis kort avstand til innmarksbeite som også er dyrkbart.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn redusert innspel. Formannskapet vedtok å legge inn redusert innspel.				



## 5.12 Lauvset, ved Blakkestad hyttefelt, 28/2, FB-18

Storleik:	Innspel: 8 daa	Til 1. gongsbehandling: 8 daa	Vedtak: 8 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 2 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF spreidd fritidsbusetnad/ LNF			
Regplan:	Lauvset stølslag PlanID: 1988005			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Storleik:	8 daa			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	1	Positivt	Hyttefelt med spreidd busetnad. Ligg i skogen. Lite busetnad langs vegen.
Naturmiljø	1	1	Positivt	Ikkje kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase. Uproduktiv skog.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Kan vere det innanfor området. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga relevans	Området består av uproduktiv skog og er ikkje dyrkbart. Positivt å ikkje ta i bruk landbruksområde.
Friluftsliv og leikeområde	3	1	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Skiløype rett utanfor området. Kort veg til urørt natur.
Støy og ureining	1	0	Inga relevans	Ingen spesiell støy i området. Økologisk tilstand til resipienten Logga bekkefelt er moderat. To hytter vil truleg ikkje ureine i særleg grad.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativ	Går veg og straum i området, men ikkje VA. Området er ueigna for infiltrasjon.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativ	Nær skiløype. Langt unna andre tenestetilbod. Utanfor satsingsområde for reiseliv.
Risiko og sårbarheit	2	0	Inga omfang	Ingen kjende farar.
Strategi for framtidig arealbruk	2	1	Positivt	I tråd med fortettingsstrategi. Innspelet legg ikkje beslag på meir areal til veg.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Mild fortetting av eksisterande hytteområde. Kort avstand til skiløype, lenger avstand til andre fasilitetar. Ikkje etablert avløp.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

## 5.13 Lauvset, ved Sagabråten seter, 33/12, FB-19

Storleik:	Innspelet: 20 daa	Til 1. gongsbehandling: 20 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 6 nye einingar.			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og LNF spreidd fritidsbusetnad/ LNF			
Regplan:	Lauvset stølslag PlanID: 1988005			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	1	Positivt	Ligg i ei sørvendt li, i eit stølslandskap. Området ligg i utkanten av ei stølsgrend. Elles hyttefelt med spreidd fritidsbusetnad i området. Skog i området er med på å skjule eventuell ny busetnad.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativ	Det er registrert liryte i nærleiken av området. Det ligg ein naturbeitemark nedanfor området. Området har vorte fysisk kartlagt, og det er ikkje registrert spesiell natur, heller ikkje i naturbase.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Mange kulturminne på Golsfjellet. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	2	-2	Delvis negativ	Open fastmark og uproduktiv skog. Delar av området er dyrkbart, men ligg ikkje i direkte tilknytning til dyrka mark. Omtrent halvparten av arealet er registrert som svært godt beite.
Friluftsliv og leikeområde	3	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Det går skiløype rett forbi området, langs stien utanfor området. Kort veg til urørt natur. Må ikkje legge beslag på friluftsområde.
Støy og ureining	1	0	Inga relevans	Ingen spesiell støy i området. 4—6 hytter vil truleg ikkje ureine i stor grad. Vann-nett viser at den økologiske tilstanden i Gjuva er særst god.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativ	Går veg og straum i nærområde området, men ikkje inne i området. Privat VA i nærområdet. Søkjar uttala under synfaring at det er mogleg å utvide eksisterande avløp. Middels eigna for infiltrasjon. Vil utvide tettbebyggelsen. Eksisterande veg er til dels bratt, på det meste ca. 14 %.
Næringsutvikling	2	-1	Delvis negativ	Nær skiløype. Langt unna andre tenestetilbod. Utanfor satsingsområde for reiseliv.
Samfunnstryggleik	2	-2	Delvis negativ	Svært bratt tilkomstveg (16 %). Brannvesenet tilrår maksimalt 8 %. Dermed potensielt utfordrande for utrykkingskøyretøy å komme seg fram.
Strategi for framtidig arealbruk	2	2	Positivt	Utviding av hytteområde, dermed i tråd med overordna føringar.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Tiltaket vil truleg ha få konsekvensar for nærområdet, og vil ikkje endre området sin karakter. Det er kort avstand til skiløyper og urørt natur, men tiltaket vil ikkje legge beslag på det. Tilkomstvegen er bratt og det er ikkje opparbeidd infrastruktur inne i området.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				

## 5.14 Fuglehaugen – IDR-2

Storleik:	Innspel: 330 daa	Til 1. gongsbehandling: 330 daa	Vedtak: 330 daa	
Omfang av tiltaket:	Utvide motorsport-anlegg og etablere skytebane			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og idrettsanlegg/ Uregulert og motorsport			
Reguleringsplan	Fuglehaugen, planID 2003004			
Omsøkt føremål:	Idrettsanlegg (motorsport og skytebane)			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	1	2	Positivt	Området ligg i tilknytning til Fuglehaugen Motorsenter. Området består av skog, eit par små tjern og litt myr. I området ligg ein liten topp, Dammyrhaugen. Denne kan både eksponere og skjule utbygging.
Naturmiljø	2	1	Positivt	I og for seg ikkje positivt for naturen med både motorsport og skytebane. All infrastruktur er opparbeidd, i motsetnad til på Smøget. Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase. Ein må unngå myr.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	-1	Delvis negativt	Gamle Kongevegen går gjennom området. Den må bevarast. Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga omfang	Området består for det meste av skog med låg bonitet og noko middels bonitet. Området er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	3	1	Positivt	Svært viktig friluftsområde, samt registrert friluftsområde. Ikkje skiløyper eller turstiar i nærområdet.
Støy og ureining	3	3	Positivt	Motorsport, bilaktivitet og skyting vil både støye og forureine. Skytebane på Fuglehaugen bør erstatte regulert skytebane på Smøget, samstundes som innspelet vil utvide område for motoraktivitet. Med fleire støyande aktivitetar kan ein nytte dei same støydempende tiltaka på ein plass. Ein kan og nytte fleire av dei same tiltaka for å forhindre forureining. Næraste bustadhus ligg om lag 250 meter unna området, og næraste hytte ligg om lag 300 meter unna området. Hus og hytter må skjermast for støy. Strengte føringar for støy og forureining er difor viktig.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	All infrastruktur er etablert. På Smøget — som er regulert skytebane, men ikkje etablert — er ingen infrastruktur etablert. Ein behøver altså ikkje å etablere mykje ny infrastruktur sjølv om ein etablerer skytebane.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Plasseringa på grensa mellom Gol og Hemsedal legg til rette for samarbeid mellom kommunane. Dette er særleg eit ønskje for skyttarlaga. Fuglehaugen har fasilitetar til å arrangere Noregs største billøp. For å kunne behalde denne statusen og utvikle området med fleire motoraktivitetar må ein ha plass til å utvikle seg.

				Motorsenteret har mange fasilitetar som skytebane behøver (utanom sjølve skytebanane). Kan ein nytte dei same fasilitetane kan ein arrangere større skytestemne også. Det er anslått at investeringane ved å realisere skytebane på Smøget, er for store til at det er realistisk. Dette vil difor vere positivt for næringsutvikling i Gol.
Samfunns-tryggleik	1	-1	Delvis negativt	Små delar av området i vest ligg innanfor aktsemdområde for flaum frå Brenneløkkbekken. Tilkomsveg i to retningar. Både motorsport og skyting er aktivitetar med stort skadepotensial. Området må sikrast for utedkommande. Ein fordel at området ligg langt unna der mange ferdast.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Positivt å samordne areal. Ved å frigjere arealet på Smøget, vil ein totalt kunne auke mengda urørt areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet vil samle to støyande og forureinande aktivitetar på ein plass i staden for å ta i bruk eit nytt område (Smøget). Fordi det allereie er motorsenter på Fuglehaugen med alle tilhøyrande fasilitetar, kan ein dermed spare både natur, miljø og pengar ved å samle skytebane og motorsenter. Dersom skytebane på Fuglehaugen blir godkjent, bør Smøget takast ut.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

## 5.15 Granheim, 50/2 og 3, FB-31

Storleik:	Innspel: 89 daa	Til 1. gongsbehandling: 89 daa	Vedtak: 89 daa	
Antal nye einingar:	Om lag 20 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	1	2	Positivt	Området ligg i ein slak, sørvest-vendt li som består av skog. Busetnad kan enkelt skjulast av skog.
Naturmiljø	2	-1	Delvis negativt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase. Fleire trekkruter for storvilt i området.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga relevans	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga relevans	Området består av skog med låg bonitet og er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	1	2	Positivt	Området er registrert friluftsområde, men er lite tilrettelagt for friluftsliv. Blir mest brukt som jaktområde. Ikkje registrert turstiar eller skiløyper i nærområdet.
Støy og ureining	2	-3	Negativt	Potensielt støy frå riksvegen, Fuglehaugen motorsenter og Hemsil Skytebane. Eit førebels støykart for skytebane på Fuglehaugen viser at heile innspelsområdet vil ligge innanfor lovlege verdiar med støy frå Fuglehaugen. Ein støyrapport for Hemsil skytebane viser at heile innspelsområdet ligg innanfor gul sone for støy frå skytebanen.  Logga bekkefelt og Granheim bekkefelt har moderat økologisk tilstand og det same har Hemsil. Antalet nye einingar kan ha negativ påverknad både på bekkefelta og Hemsil. Må undersøkast på reguleringsplannivå.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativt	Området er langt og smalt. Det går veg og straum forbi området. Per dags dato går det ikkje veg inn til området, men F12 er nyleg regulert. Regulert veg kan kanskje gå gjennom det nye feltet som er under regulering. All teknisk infrastruktur er opparbeidd i eksisterande hyttefelt, men kapasiteten på avløp er ikkje tilstrekkeleg for eit nytt hyttefelt. Infiltrasjonsevna i området er middels eigna.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Golfbane med tilhøyrande fasilitetar i området. Ikkje registrert turstiar eller skiløyper. Ligg ikkje innanfor


				satsingsområde reiseliv, men er grunna golfbanen eit naturleg område å vidareutvikle.
Samfunns-tryggleik	1	-1	Positivt	Ingen kjende naturfarar. Potensielt farleg for ungar nede ved riksvegen, elles trygt for born/unge å ferdast. Tilkomstveg i ein/to retningar.
Strategi for framtidig arealbruk	2	1	Positivt	I tråd med strategi om utviding av eksisterande hytteområde før jomfrueleg areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Som ved innspelet til Hemsedal GolfAlpin, ligg området i tilknytning til golfbanen. Det vil vere naturleg å samordne infrastruktur, noko som kan gjere innspelet realiserbart. Innspelet vil vere utviding av framtidig fritidsbusefnad. Støy frå Hemsil skytebane er ein utfordring. Dersom skytebane på Fuglehaugen blir realisert er det sannsynleg at Hemsil skytebane blir lagt ned. Då vil ikkje støy lenger vere noko problem.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

### Samla konsekvensar for Golsfjellet vest


Storleik (daa) til 1. gongsbehandling:	895
Storleik (daa) lagt inn:	477
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	152
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	48
Tapt dyrka mark (daa)	0
Tapt dyrkbar mark (daa)	12
Tapt myr (daa)	29

Av arealinnspela som kom inn har kommunen fjerna 438 daa med ønskt utbyggingsareal, blå strek i Figur 8 og Figur 9, side 95. Kommunen har lagt inn 477 daa med utbyggingsformål (raud strek). 12 daa dyrkbar mark blir endra frå LNF-formål til byggeformål, og 29 daa myr blir LNF-formål til byggeformål. 24 dekar myr ligg innanfor idrettsanlegg på Fuglehaugen. Desse skal ikkje byggast ned.

Innspelet på Fuglehaugen (330 daa) gjer at ein kan tilbakeføre skytebanen på Smøget (162 daa) til LNF-formål. Innspelet på Fuglehaugen bidreg til mykje betre samhandling med støyande aktivitetar på ein plass og sambruk av teknisk infrastruktur. Masseuttaket ved Skrøyvestølane (105 daa) er også tilbakeført til LNF-formål. Samla blir difor 171 daa endra frå LNF-formål til byggeformål.




Figur 8: Figuren viser innspel med dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar i området Golsfjellet vest, nordre del. Innlagte innspel har raud strek, innspel som er fjerna har blå strek, stølar som var aktive i 2008 har blått kryss og stølar som framleis var aktive i 2022.



Figur 9: Figuren viser innspel med dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar i området Golsfjellet vest, sørlege del. Alle strekar og kryss er like som figuren over, men svart farge er masseuttak frå gjeldande kommuneplan som er fjerna.



## 6. Skaraåsen

Området består av eitt innspel der det er ønske om å bygge fritidsbustader. Området ligg innanfor reguleringsplan for Nystølen, vedteke i 1986. Reguleringsplanen omfattar fire utbyggingsområde med spreidd utbygging. Totalt omfattar reguleringsplanen 64 hyttetomter fordelt på 479 daa. Reguleringsplanen er i stor grad urealisert, og det er frådelt totalt seks tomter og bygd på tre av dei.



Figur 10: Det raude området er kva som har vorte vidareført i kommuneplanen. Dei blå områda blir fjerna.

### 6.1 Nystølsameiga, 17/72, FB-15

Storleik:	Innspel: 304 daa	Til 1. gongsbehandling: 303 daa		Vedtak: 0 daa
Antal nye einingar:	Om lag 20 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	LNF og LNF spreidd fritidsbusetnad/ LNF og fritidsbusetnad			
Reguleringsplan	Nystølen, planID 1986004			
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	2	-2	Delvis negativt	Området ligg i tregrensa, og omtrent 2/3 av området er open fastmark. 1/3 er skog. Området ligg inntil eit lite

				vatn i sør. Området omkransar ein kolle, og høgdeskilnaden i område er 65 høgdemeter. Dei høgaste delane av området kan difor veldig eksponert. Utanom Syningen (1047 moh.) er kolla den høgaste i området (1018 moh.). Det ligg 3 hytter innanfor området, i tillegg til 28 regulerte tomter.
Naturmiljø	2	-2	Delvis negativt	Området ligg innanfor omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø. Området over skoggrensa er sårbart. Den sørlege delen av området ligg innanfor 100-grensa for vatn og vassdrag. Ikkje registrert sjeldne artar. På synfaring vart det funne mykje ekskrement etter elg, som tydar på at området har verdi som leveområde for elg. Også ein del tjern/dammar i området som har betydning for insekt som vasskalv (observert).
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga omfang	Ein liten stripe med dyrka mark inntil området. Ikkje landbruk i området, og området er ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	1	2	Positivt	Registrert friluftsområde. Like ved svært viktig friluftsområde. Kort avstand til sommar- og vinterløype.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Ingen spesiell støy i området. Skaraåsen bekkefelt har god økologisk kvalitet. Bekkefeltet er i dag lite påverka av hytter. Dette kan endre seg med inntil 40 nye einingar.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	-3	Negativt	Det går veg inn til området. Ingen annan infrastruktur er etablert. Straum må truleg førast langt, og det må etablerast avløpsanlegg. Området under skoggrensa er lite eigna for infiltrasjon, området over skoggrensa er ueigna for infiltrasjon. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13.
Næringsutvikling	2	-2	Delvis negativt	Kort avstand til sommar- og vinterløype. Langt unna andre aktivitetar. Ikkje innanfor satsingsområde Skagahøgdi.
Samfunnstryggleik	2	-2	Delvis negativt	Ingen kjende naturfarar. Den sørlege delen av området er bratt, difor kan området potensielt ha skredfare sjølv om det ikkje visast i NVE Atlas. Skrentar i området kan potensielt vere skummelt for folk som ferdast i området.
Strategi for framtidig arealbruk	2	3	Positivt	Innspelet reduserer utbyggingsområde, som sikrar meir urørt natur på Skaraåsen enn det er i dag. Det blir likevel viktig å ta omsyn til friluftsliv og natur.
<b>Konklusjon</b>				
<p>Samla vurdering:</p> <p>Reguleringsplan består av tre utbyggingsområde, med totalt 64 regulerte hyttetomter. Reguleringsplanen vart vedteke i 1984 (revidert i 1986). Tomtearronderinga er ikkje god utifrå dagens kunnskapsgrunnlag og regelverk. Innspelet går ut på å samle reguleringsplan innanfor eitt av desse områda, og ein kan ved utarbeiding av ny reguleringsplan sikre betre eigna tomter. Området ligg innanfor omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø. Omtrent 2/3 av området ligg over tregrensa, og er dermed sårbart og eksponert. Ved å berre sjå på kartet ser det austre utbyggingsområdet meir eigna ut enn innspelsområdet. Dette området ligg noko lågare i terrenget, og er potensielt mindre eksponert.</p> <p>Utifrå eit nybyggingsperspektiv er utbygging i området negativt. Det må opparbeidast mykje infrastruktur, og området er eksponert. Det ligg føre ein eksisterande reguleringsplan for området, som betyr at ein i teorien kan byrje å bygge så fort ein har byggeløype. Ved å redusere utbyggingsområdet og lage ein ny reguleringsplan, får ein meir urørt natur og kan utforme reguleringsplan etter dagens lovar og reglar. Ved å</p>				

avslå innspelet vil eksisterande reguleringsplan gjelde vidare, og vidarefører dermed eit større utbyggingsområde enn innspelet legg opp til.

Konklusjon:


Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.

### Samla konsekvensar for Skaraåsen

Storleik til 1. gongsbehandling:	304 daa
Storleik faktisk lagt inn:	0 daa
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	20
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	0

Innspelet går ut på å fjerne tre av områda for å kunne bygge tettare i det fjerde, sjå Figur 11. Dette vil redusere naturinngrepet betydeleg.


Formannskapet vedtok å gjere om området frå LNF-område med spreidd fritidsbusetnad til LNF-område. Kommuneplanen skal gjelde før reguleringsplan fram til reguleringsplan er oppheva.



Figur 11: Figuren viser innspel med dyrka mark, innmarksbeite, myr og dyrkbar i området Skaraåsen. Vidareførte område har raud strek, område som er fjerna har blå strek, stølar som var aktive i 2008 har blått kryss og stølar som framleis var aktive i 2022 har raudt kryss.


## 7. Rotneim

Området omfattar Rotneim, og består av to innspel. Rotneim er ein grend i Gol med spreidd busetnad og noko næring. Rotneim ligg om lag seks kilometer frå Gol sentrum, og har gang- og sykkelveg heile vegen.



Figur 12: Viser utbyggingsområde på Rotneim. Det raude området er området som har vorte lagt inn, og det blå området er innspelsområdet som ikkje har vorte lagt inn.

## 7.1 Rotneim barnehage, 17/109 – KBA-10

Storleik:	Innspel: 3,2 daa	Til 1. gongsbehandling: 3,2 daa	Vedtak: 3,6 daa	
Omfang av tiltaket:	Om lag 4 nye einingar			
Dagens føremål KP/RP:	Tenesteyting/tenesteyting			
Reguleringsplan	Rotneim skule, planID 1978003			
Omsøkt føremål:	Kombinert busetnad- og anleggsføremål			
Tilleggsinfo:				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	1	0	Positivt	Området er bebygd med den gamle barnehagen og fleire uthus. Området ligg innanfor Golreppen, som er eit verdifullt kulturlandskap. Innspelet vil ikkje utvide eksisterande byggeområde. Området vil ikkje endre karakter ved endring til kombinert føremål.
Naturmiljø	1	0	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/kulturverdiar	1	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Positivt	Tidlegare barnehage. Ikkje registrert landbruk.
Friluftsliv og leikeområde	3	1	Positivt	Uteområdet på eigedomen — og området rundt — er registrert som eit svært viktig friluftsområde for Rotneim barnehage.
Støy og ureining	1	-1	Inga omfang	Støy frå Tuppeskogvegen. Delar av området ligg innanfor gul støysone i vegvesenet sitt støyvarselkart. Endring av føremål frå næring til kombinert føremål kan føre til meir støy om ein ikkje gir tydelege avgrensingar på typar føremål. Kort avstand til naboar gjer at ein ikkje bør legge til rette for støyintensiv næring.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	1	Positivt	All teknisk infrastruktur er opparbeidd. Ved vesentleg auke i bruk kan avløpsanlegget måtte oppgraderast. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13.
Næringsutvikling	2	2	Positivt	Langt unna offentlege tenester. Dersom området blir kjøpt til næringsføremål vil dette vere positivt for næringsutviklinga.
Samfunnstryggleik	2	-1	Delvis negativt	Området vart kartlagt for skredfare i 2009, og ligg utanfor faresone for skred. Potensielt utrygt for ungar med kort avstand til Tuppeskogvegen. Tilkomstveg i to retningar. Eksisterande inn/utkøyring frå fv. 2916. Om lag 75 meter sikt mot aust, om lag 55 meter mot vest.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Det er positivt med gjenbruk av gamle føremålsbygg. Dersom området skal nyttast til bustader, er dette ikkje i tråd med samfunnsdelen, då den seier at bustadbygging skal fortrinnsvis skje i Gol tettstad.

				Langt unna fritidsaktivetar, og avstanden vil stille krav til skuleskyss. Gang- og sykkelveg til sentrum er positivt.
<b>Konklusjon</b>				
<p>Samla vurdering: Innspelet dreier seg om å endre føremål frå tenesteyting til kombinert føremål. Årsaka er at barnehagen er lagt ned og skal seljast. Eit kombinasjonsføremål vil truleg gjere det lettare å selje bygget, og bygningsmassen er av ein slik karakter at det kan nyttast til ulike føremål og i stor grad tilpassast fleire kunde grupper i marknaden.</p> <p>Innspelet gjeld eit allereie bebygd område, og tiltak vil truleg ha få konsekvensar for nærområdet. Området kan vere eit attraktivt for fleire føremål. Bustader vil ikkje vere i tråd med samfunnsdelen, og avstanden frå sentrum vil skape meir transport, og gjere det vanskelegare å få reduserte klimagassutslepp. Krav til skuleskyss. Positivt med gjenbruk av gamle føremålsbygg. Gang- og sykkelveg til sentrum er positivt.</p> <p>Området ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred og snøskred. Området vart kartlagt i 2009 og ligg utanfor fareområde for skred.</p> <p>Innspelet må sjåast i samanheng med innspela i Øy gardane og Åsgardane barnehage.</p>				
<p>Konklusjon:          Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.</p>				

## 7.2 Vermefoss, 17/20 og 17/238

Storleik:	Innspel: 65 daa	Etter 1. gongsbehandling: 46,9 daa		Vedtak: 0 daa
Omfang av tiltaket:				
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Industri			
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	1	-1	Delvis negativt	Området ligg i Vestlia, rett sør for jernbanelinja. Rett vest for området, ligg område I1, som er avsett til framtidig næringsbebyggelse. Området er nyleg hogd. Området visast godt frå rv. 7 og frå bebyggelsen på Rotneim. Området ligg ikkje i silhuett. Dersom I1 blir bygd ut, vil utbygging i innspelsområdet truleg ikkje føre til særlege nye, negative verknader for landskap/kulturlandskap. Området har ein helling på om lag 18 % i snitt. Opparbeiding av området kan difor føre til ein del terrengendringar.
Naturmiljø	1	-1	Delvis negativt	Aust i området er det registrert ein viktig naturtype. Naturtypen er kalkskog. I faktaark til naturtypen står det at det er ein gamalskog som ikkje er påverka i nyare tid. Fri utvikling (inga inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane. Sidan området allereie er hogd, eksisterer truleg ikkje naturtypen innanfor området lenger. Også registrert den nær truga arten sprikeskjegg. Arten er ikkje truga i dag, men kan bli det i nær framtid. Fordi skogen er hogd, finst den truleg ikkje der lenger.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	-1	Delvis negativt	Ikkje landbruk og ikkje dyrkbart. Skogen er registrert med middels bonitet, sjølv om den no er hogd.
Friluftsliv og leikeområde	1	-1	Delvis negativt	Registrert friluftsområde. Vegen gjennom området er ein populær tur-/sykkelveg. Det må framleis vere mogleg å nytte vegen som i dag.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Støy frå jernbanen. Det ligg ei hytte rett vest for området. Denne kan bli påverka av støy og støv frå området, og frå lastebilar som passerer hytta. Vestlia bekkefelt har god økologisk kvalitet.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	1	Usikkert	Det går veg gjennom området, og straum nesten inn til området. Vermefoss bru og vegen inn til området må kanskje oppgraderast dersom det blir mykje tungtrafikk. Dette må eventuelt undersøkast på reguleringsplannivå.

				Må kanskje etablerast avløpsanlegg. Infiltrasjonsevna er middels god. Utanfor tettbebyggelse i kapittel 13.
Nærings- utvikling	2	2	Positivt	Gol kommune har behov for næringsstomter. For næring som ikkje har behov for å ligge i sentrum, er det ein fordel at området ligg i god avstand til bustader.
Samfunns- tryggleik	2	-1	Delvis negativt	Området kan vere utsett for flaum frå ein bekk som går gjennom området. Jernbanen som går rett nord for området må sikrast. Bane NOR kan vere negative til næring så nære jernbanen. Tilkomst i ein retning. Eksisterande inn/utkøyring frå rv.7. God sikt i begge retningar.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Området ligg nær eit framtidig næringsområde (I1), og er soleis ein utviding av dette området. I1 burde vore påbegynt før ein tok i bruk nytt areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Området ligg eit stykke utanfor sentrum. For næring som ikkje har behov for å ligge i sentrum, er det positivt å kunne legge til rette for næringsstomter andre plassar. Naboområdet, I1 i gjeldande kommuneplan, er ikkje utbygd. Dette området burde bli bygd ut før ein legg ut nye areal. Området nord for vegen kan skape konflikt med jernbanen.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å avslå innspelet. Formannskapet vedtok å avslå innspelet.				


### Samla konsekvensar for Rotneim

Storleik til 1. gongsbehandling:	50,1 daa
Storleik faktisk lagt inn:	3,6 daa
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	4
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	4

Formannskapet vedtok å legge inn Rotneim barnehage. 0 daa blir endra frå LNF-formål.


## 8. Golreppen — Øygardane

Området strekk seg frå Golreppen til Øygardane, og omfattar fire innspel. Hallingdal Folkehøgskule ønsker at eigedomen deira blir omgjort til rett formål, som er tenesteyting. Gol kyrkje har utvida kyrkjegarden. Håving camping er ein tidlegare campingplass, der det er ønskeleg å ta opp att drifta. Øygardane barnehage er seld. Eigar ønsker å drive utleige.




Figur 13: Dei raude områda har vorte lagt inn i kommuneplanen. Dei blå områda har ikkje vorte lagt inn..

## 8.1 Skaga, 23/6 og 23/125 – T-1

Storleik:	45 daa	Til 1. gongsbehandling: 45 daa		Vedtak: 25 daa
Omfang av tiltaket:				
Dagens føremål KP/RP:	LNF/Uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Offentleg og privat tenesteyting (folkehøgskule og museum)			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	3	0	Inga omfang	Området består av Hallingdal Folkehøgskule og Gol bygdemuseum. Innspelet vil ikkje endre bruken av området. Golreppen er eit verdifullt kulturlandskap.
Naturmiljø	2	0	Inga omfang	Det ligg ei svært verdifull slåttemark i området. Denne skal vidareførast. Registrert fleire fuglar i området.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Museet består av fleire gamle bygningar, enkelte tilbake til 1600-talet. Bør vurdere omsynssone/bandleggingssone for museet.
Landbruk	3	-2	Negativt	Overflatedyrka jord og innmarksbeite i området. Dette bør fjernast.
Friluftsliv og leikeområde	3	0	Positivt	Delar av området er viktig friluftsområde og andre delar er registrert friluftsområde. Går tursti gjennom området.
Støy og ureining	2	1	Positivt	Inga spesiell støy i området.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	2	Positivt	Går veg og straum gjennom området. Innanfor Gol tettstad sin tettbebyggelse. Folkehøgskulen er kopla til kommunalt avløp med privat høgdebasseng som er kopla til det kommunale vatnet.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Fordi folkehøgskulen ligg i LNF-område er alle søknader i utgangspunktet dispensasjonar. Ved at området blir avsett til korrekt føremål vil ein lettare kunne gjere tiltak og utvikle folkehøgskulen.
Samfunnstryggleik	2	-1	Positivt	Området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Faresonekart viser at skredfaren ligg utanfor området. Tilkomstveg i to retningar. Eksisterande inn/utkøyring frå fv. 2916. Må eit stykke ut mot fylkesvegen for å få god sikt.
Strategi for framtidig arealbruk	3	2	Positivt	Det er tenleg for kommunen at område er avsett til korrekt føremål.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Innspelet går ut på å avsetje området til den faktiske bruken, som er folkehøgskule og museum. Innspelet legg ikkje opp til å gjere endringar i området, men ved at området er avsett til korrekt føremål kan ein lettare gjere tiltak utan å vere i dispensasjonsforhold. Dette er ein fordel for både folkehøgskulen, museet og kommunen. Ved å redusere området til å gjelde folkehøgskulen, unngår ein konflikt med landbruk.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å redusere innspelet. Formannskapet vedtok å redusere innspelet.				


## 8.2 Gol kyrkje, 28/10 og 33/1, GU-1

Storleik:	Innspel: 2,8 daa	Til 1. gongsbehandling: 2,8 daa	Vedtak: 2,8 daa	
Omfang av tiltaket:				
Dagens føremål KP/RP:	LNF/Uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert, men under regulering			
Omsøkt føremål:	Kyrkjegard			
Tilleggsinfo: Området er under regulering. Planen låg ute til offentlig ettersyn i perioden 23.01 — 07.03.2021.				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/ kulturlandskap	3	2	Positivt	Området ligg inntil Gol kyrkje, og er dyrka mark. Golreppen er eit verdifullt kulturlandskap. Innspelet vil utvide kyrkjegarden.
Naturmiljø	2	1	Positivt	Ikkje registrert spesiell natur.
Kulturminne/ kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	3	-3	Negativt	Heile området er dyrka mark. Gol kyrkje har dyrka mark på alle kantar. Eit forholdsvis smalt jorde, som truleg er det best eigna området rundt kyrkjegarden.
Friluftsliv og leikeområde	1	0	Inga omfang	Ikkje registrert friluftsområde.
Støy og ureining	2	-1	Delvis negativt	Potensiell støy frå Golreppen-vegen. I dag potensiell diffus avrenning frå jordbruk. Ein kyrkjegard kan potensielt forureine drikkevatt nedstrøms for kyrkjegarden. Det er registrert ein burrebrønn om lag 140 meter nedstrøms. Avstanden bør vere ok.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	3	Positivt	Går veg og straum forbi området. Infrastruktur i samband med kyrkjegarden er oppretta ved kyrkja, og innspelet vil utvide kyrkjegarden.
Næringsutvikling	2	3	Positivt	Ligg i tilknytning til kyrkjegarden. Det beste alternativet for utviding av kyrkjegarden.
Samfunnstryggleik	2	-1	Delvis negativt	Utvidinga av kyrkjegarden ligg rett utanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred, men delar av parkeringsplassen ligg innanfor. Tilkomsveg i to retningar. Eksisterande av/påkøyring frå fv. 2916 (60-sone) og Golbergsgutu (50-sone). Av/påkøyring frå Golbergsgutu ligg nesten i krysset mot fv. 2916. God sikt i alle retningar. Samfunnstryggleik er nærare skildra i reguleringsplan.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Dersom folketalet i Gol skal auke, må ein ha plassar der ein kan gravleggast.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Omdisponeringstakten skal halverast, og det er då negativt å ta i bruk dyrka mark. Kyrkjegarden har behov for meir plass. Fordi det er dyrka mark på alle kantar, må ein uansett ta dyrka mark i bruk. Den dyrka marka som vil bli teke er forholdsvis smal, og difor det best eigna arealet rundt kyrkjegarden.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

### 8.3 Håving camping, 41/70, FTU-6

Storleik:	Innspel: 2 daa	Til 1. gongsbehandling: 2 daa	Vedtak: 2 daa	
Omfang av tiltaket:				
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert			
Reguleringsplan	Uregulert			
Omsøkt føremål:	Campingplass			
<b>Tema</b>	<b>Verdi</b>	<b>Omfang</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Forklaring og uvisse</b>
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	2	0	Inga omfang	Området har tidlegare vore nytta som campingplass, og det ligg 7 campinghytter på eigedomen. Området vil ikkje endre karakter om føremålet blir endra til det korrekte føremålet.
Naturmiljø	2	0	Inga omfang	Ikkje registrert spesiell natur.
Kulturminne/kulturverdiar	2	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk.
Landbruk	1	0	Inga omfang	Ikkje landbruk og ikkje dyrkbart.
Friluftsliv og leikeområde	2	2	Positivt	Svært viktig friluftsområde. Ikkje registrert turstiar. Kort avstand ned til Hemsila.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Støy frå rv. 52. Delar av området ligg innanfor raud sone, resten av området ligg innanfor gul sone, der ein bør gjere støydempende tiltak. Eksisterande avløpsanlegg. Omgjering til camping vil ikkje skape meir forureining.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	3	3	Positivt	All infrastruktur er opparbeidd. Eigedomen har felles avløp med huset på naboeigedomen.
Næringsutvikling	3	3	Positivt	Positivt for kommunen at folk ønskjer å drive næring. Camping sikrar varige inntekter, og ikkje berre under ein eventuell byggeperiode.
Samfunnstryggleik	2	-2	Delvis negativt	Ingen kjende naturfarar, men området ligg rett nedanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred. Kort avstand til rv. 52 gjer det potensielt utrygt for born og unge å ferdast. Tilkomstveg i to retningar.
Strategi for framtidig arealbruk	3	3	Positivt	Positivt å vidareføre tidlegare arealbruk i staden for å ta i bruk nye areal.
<b>Konklusjon</b>				
Samla vurdering: Det har tidlegare vore drive campingplass på eigedomen, og i kommuneplanane frå 1994—2006 og 2001—2010 låg området inne som campingplass. Det blir ikkje drive campingplass der i dag. Positivt for kommunen å få starta opp att ein tidlegare campingplass. Støy frå riksvegen er negativt.				
Konklusjon: Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.				

## 8.4 Øygdane barnehage, 47/37 og 47/38, FTU-5

Storleik:	Innspel: 6,8 daa	Til 1. gongsbehandling: 6,8 daa	Vedtak: 6,8 daa	
Omfang av tiltaket:				
Dagens føremål KP/RP:	Tenesteyting/tenesteyting			
Reguleringsplan	Øygdane skule, planID 1991004			
Omsøkt føremål:	Fritids- og turistføremål			
Tilleggsinfo:				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
<b>Miljø</b>				
Landskap/kulturlandskap	1	0	Positivt	Området er bebygd med den gamle barnehagen og eit uthus. Innspelet vil ikkje utvide eksisterande byggeområde. Området vil ikkje endre karakter ved endring til kombinert føremål.
Naturmiljø	1	0	Positivt	Ikkje fysisk kartlagt, men ikkje registrert spesiell natur i naturbase.
Kulturminne/kulturverdiar	1	0	Inga omfang	Ikkje observert kulturminne i kulturminnesøk. Sefrak-registrert bygningar i nærområdet.
Landbruk	1	0	Positivt	Tidlegare barnehage. Ikkje registrert landbruk.
Friluftsliv og leikeområde	3	1	Positivt	Området er ein del av eit svært viktig friluftsområde på Øygdane.
Støy og ureining	2	-2	Delvis negativt	Støy frå rv. 52. Delar av området ligg innanfor raud sone, resten av området ligg innanfor gul sone, der ein bør gjere støydempende tiltak. Endring av føremål frå næring til kombinert føremål kan føre til meir støy om ein ikkje gir tydelege avgrensingar på typar føremål. Kort avstand til naboar gjer at ein ikkje bør legge til rette for støyintensiv næring.
<b>Samfunn</b>				
Teknisk infrastruktur	2	1	Positivt	All teknisk infrastruktur er opparbeidd. Avløpsanlegg må truleg forvente oppgradering.
Næringsutvikling	2	2	Positivt	Langt unna offentlege tenester, men kort avstand med gang- og sykkelveg til nærbutikk. Dersom området blir kjøpt til næringsføremål vil dette vere positivt for næringsutviklinga.
Samfunnstryggleik	2	-2	Delvis negativt	Området ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred, saman med store delar av Øygdane. Potensielt utrygt for ungar med kort avstand til rv. 52. Tilkomstveg i to retningar. Middels risiko.
Strategi for framtidig arealbruk	2	-1	Delvis negativt	Det er positivt med gjenbruk av gamle føremålsbygg. Dersom området skal nyttast til bustader, er dette ikkje i tråd med samfunnsdelen, då den seier at bustadbygging skal fortrinnsvis skje i Gol tettstad. Langt unna fritidsaktivitar, og avstanden vil stille krav til skuleskys.
<b>Konklusjon</b>				

Samla vurdering: Innspelet dreier seg om å endre føremål frå tenesteyting til fritids- og turistføremål. Årsaka er at barnehagen er lagt ned og skal seljast. Eit kombinasjonsføremål vil truleg gjere det lettare å selje bygget, og bygningsmassen er av ein slik karakter at det kan nyttast til ulike føremål og i stor grad tilpassast fleire kundegrupper i marknaden.

Innspelet gjeld eit allereie bebygd område, og tiltak vil truleg ha få konsekvensar for nærområdet. Området kan vere eit attraktivt for fleire føremål. Bustader vil ikkje vere i tråd med samfunnsdelen, og avstanden frå sentrum vil skape meir transport, og gjere det vanskelegare å få reduserte klimagassutslepp. Krav til skuleskys. Positivt med gjenbruk av gamle føremålsbygg.

Området ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred, saman med store delar av Øygdane. Det kan hende at ein bør gjennomføre skredkartlegging i området. Støy frå riksvegen er også negativt.

Innspelet må sjåast i samanheng med innspela i Rotneim og Åsgardane barnehage.

Konklusjon:

Administrasjonen tilrår å legge inn innspelet. Formannskapet vedtok å legge inn innspelet.

### Samla konsekvensar for Golreppen – Øygdane

Storleik (daa) til 1. gongsbehandling:	68
Storleik (daa) lagt inn:	48
Omtrentleg antal einingar 1. gongsbehandling:	4
Omtrentleg antal einingar faktisk lagt inn:	4
Tapt dyrka mark (daa)	3
Tapt dyrkbar mark (daa)	1
Tapt myr (daa)	0

Av arealinnspela som kom inn har kommunen lagt inn 44 daa med utbyggingsformål. 3 daa fulldyrka mark blir endra til kyrkjegard i samband med utviding av kyrkjegarden.

## 9. Samla konsekvensar for kommunen

### 9.1 Tap av LNF-område




Etter å ha gjennomgått alle innspel meiner Gol kommune at det i størst mogleg grad er forsøkt å følgje statlege og fylkeskommunale føringar. Alle nye utbyggingsområde heng saman med eksisterande utbyggingsområde, anten gjennom utviding eller fortetting. Når ein skal legge inn nye område i kommuneplan er det vanlegast å ta av LNF-område. Totalt vil potensielt om lag 974 daa LNF-område gå tapt dersom alt nytt areal blir bygd ut. Samstundes er om lag 607 daa med utbyggingsområde teke ut av kommuneplanen. Det er likevel ønskeleg å ta minst mogleg areal som kan nyttast til landbruk eller areal som er viktig for natur, miljø og friluftsliv.


Det er difor forsøkt å unngå å legge inn område som rører ved dyrka mark og myr. Fleire innspel har vorte redusert eller fjerna grunna at dei rører ved dyrka mark, dyrkbar mark eller myr. Under er ein oversikt over dyrka mark, dyrkbar mark og myr som avgår som ein følgje av at det blir lagt inn nye byggeområde i kommuneplan:

- Dyrka mark: 25 daa
- Dyrkbar mark: 205 daa
- Myr: 49 daa

#### 9.1.1 Tap av dyrka mark

Å ta dyrka mark i bruk som byggeområde er negativt. Det er om lag 25 daa som går tapt. 3 daa er til utviding av kyrkjegarden, som er eit samfunnsnyttig føremål. Reguleringsplanen for Gol kyrkjegard vart vedteke i 2021. 2 daa er til Tubbehaugen camping. I føresegnene for campingplass er fundament ikkje tillate. Arealet kan difor lett førast tilbake dersom campingdrifta skulle bli lagt ned. Det står også i føresegnene at dyrka mark skal førast tilbake dersom campingdrifta blir lagt ned. Bualie midt er det innspelet som tek mest dyrka mark (18 daa). Dette området ligg inneklemt mellom fritidsbusetnad og veg, og har ikkje utvidingsmoglegheiter. Området ligg midt i satsingsområde for reiseliv, og avstanden til skiheis er kort. Det er i slike område ein bør bygge tettast. Innspela som tek dyrka mark er:


Område:	Antal daa	Grunngjeving
3.9 Tubbehaugen camping	2	Camping. Ikkje tillatt med permanente konstruksjonar. Skal tilbakeførast dersom drift blir lagt ned. 
4.1 Storefjell	2	Overflatedyrka. Nesten all dyrka mark er allereie regulert til byggeområde. 
4.9 Bualie vest	18	Inneklemt mellom fritidsbusetnad og vegareal. Ligg innanfor satsingsområde for reiseliv med kort avstand til skiheis og andre aktivitetar. 




8.2 Gol kyrkje	3	<p>Utviding av kyrkjegard. Ikkje mogleg å utvide utan å ta dyrka mark. Reguleringsplan er vedteke.</p> 
----------------	---	---





### 9.1.2 Tap av dyrkbar mark




Av dyrkbar mark og myr er det noko meir areal som kan gå tapt. Det er i hovudsak lagt vekt på om den dyrkbare marka ligg i tilknytning til dyrka mark eller ikkje. Mindre, dyrkbare område som ikkje ligg i tilknytning til dyrka mark kan i enkelte tilfelle akseptert då desse vil vere tungvinne å dyrke i framtida. Om lag 267 daa med dyrkbart areal blir lagt inn i kommuneplanen.




Dyrkbart areal er merkt med raud skravur i karta under:



Område:	Daa	Daa endra frå LNF	Grunngjeving
3.4 Hamarstad	9	0	<p>Området er endring av byggeområde frå næring (venstre) til fritid (høgre). Dyrkbar mark er difor alt omdisponert.</p> 

3.7 Bjørkum	10	10	<p>Området er inneklemt mellom byggeområde og myr. Ikkje nær dyrka mark som kan gi samanhengande utviding.</p> 
3.8 Johannesdalen	8	8	<p>Området er inneklemt mellom byggeområde og veg. Ikkje nær dyrka mark som kan gi samanhengande utviding.</p> 
3.9 Tubbehaugen camping	1	1	<p>Camping. Arealet som er registrert som dyrkbart er alt bebygd.</p> 

4.1 Storefjell	1	1	<p>Mesteparten av arealet som er dyrkbart er allereie regulert til byggeområde.</p> 
4.2 Einarset	6	6	<p>Området er inneklemt mellom hytter og myr. Utviding av jordet i nord vil gi ei tungvinn arrondering.</p> 
4.6 Ørterstølen	14	1	<p>Området er endring av byggeområde frå næring (venstre) til fritid (høgre). Dyrkbare mark er difor alt omdisponert.</p> 
4.7 Ørterstølen, 4/7	11	11	<p>Langt til dyrka mark. Må krysse annan manns grunn for å kome til eigedomen. Meir enn 200 meter til veg. Truleg ikkje tenleg å drifte.</p> 




4.8 Storefjell – Bualie, skiheis, 10/6	15	15	<p>Langt unna både landbruksareal og veg. Vil framleis vere mogleg å dyrke/beite om sommaren sjølv om det er skiheis om vinteren.</p> 
4.9 Bualie vest	47	47	<p>Langt unna dyrka mark. Inneklemt mellom fritidsbusetnad og myr.</p> 
4.10 Bualie midt	16	16	<p>Inneklemt mellom fritidsbusetnad og vegareal. Ligg innanfor satsingsområde for reiseliv med kort avstand til skiheis og andre aktivitetar.</p> 



4.18 Oset høyfjellshotell, 23/208	43	0	<p>Området er endring av byggeområde frå næring (venstre) til fritid (høgre). Dyrkbar mark er difor alt omdisponert.</p> 
4.19 Oset/ Tisleia, 13/265	23	23	<p>Delvis inneklemt av veg, reinseanlegg og myr.</p> 
5.6 Auenhauglie, 27/25 sør	4	4	<p>Inneklemt mellom fritidsbusetnad og markagrense. Utviding av dyrka mark vil gi tungvinn arrondering.</p> 

5.11 Lauvsjø, 35/12	7	7	<p>Området er lite. Innesperra av ein bekk mot innmarksbeitet. Området i vest ligg innanfor omsynssone friluftsliv/bevaring naturmiljø.</p> 
5.12 Lauvset, 28/2	1	1	<p>Dyrkbar mark er myr.</p> 

### 9.1.3 Tap av myr


For myr er det også forsøkt å unngå det i størst mulig grad. Fleire område har vorte lagt utanfor myrområde. På detaljnivået til kommuneplan er det likevel utfordrande å unngå alt. Enkelte plassar kan det for eksempel ligge mindre myrareal midt i området. Justeringar for å unngå resterande myrareal er difor relevant å gjere på reguleringsplannivå.

Område:	Daa	Daa endra frå LNF	Grunngjeving
3.4 Hamarstad	1	1	
3.6 Bjørkum	1	1	
3.10 Røyseskogen	1	0	<p>Mesteparten av myrarealet ligg inne som byggeområde i gjeldande kommuneplan (til høgre).</p> 

4.8 Storefjell – Bualie, skiheis, 10/6	17	17	<p>Området skal brukast til skiheis. Det blir lagt inn i føresegnene at det ikkje skal gjerast terrenningrep på myrreal. Heismaster og eventuell heisbu skal ikkje plasserast på myr.</p> 
5.1 Løggestølen	4	4	
5.12 Lauvset, 28/2	1	1	

## 9.2 Stølsdrift

I 2008 hadde Gol kommune 29 bruk med aktiv stølsdrift med mjølkeproduksjon (Gol kommune, 2010) . I 2022 var dette talet redusert til 12. Figur 14 viser aktive stølar i Gol i 2008 og 2022. Blå firkant er dei aktive stølane i 2008, og raud firkant er stølane som framleis var aktive i 2022.



Figur 14: Blå firkant viser aktive stølar i 2008. Raud firkant viser dei stølane som framleis var aktive i 2022.

Berre to av bruka frå 2008 som ikkje lenger har aktiv stølsdrift med mjølkeproduksjon, er lagt ned. I desse to tilfella blir graset på stølane deira framleis slått. I andre tilfelle har bønder for eksempel gått inn i samdrift eller begynt med ammekyr, og dermed ikkje lenger får produksjonstilskot til stølsdrift. Ingen av dei aktive stølane frå 2008 har vorte bygd ned og erstatta med hyttetomter. I framlegg til kommuneplan er det eit innspel for fritidsbustader som er i nærleiken av ein aktiv støl. Avstanden er om lag 180 meter frå enden av innspelsområdet til der stølen er registrert.

Det er vurdert at hytteutbygging har hatt liten påverknad på dei aktive stølane frå 2008 til 2022.








<https://www.statsforvalteren.no/contentassets/602755da7097417d9899d96955cabecf/gardskart-er-til-god-hjelp---september-2022.pdf>


<https://register.geonorge.no/data/documents/Setre%20i%20drift%20Presentasjonsregler%20S-L%20Seterdrift.pdf>

<https://register.geonorge.no/data/documents/Setre%20i%20drift%20Produktark%20S-L%20Seterdrift.pdf>

### 9.3 Endring av byggeområde

Fleire av innspela som er konsekvensutgreidd, er endra frå andre byggeformål. Dette gjeld om lag 173 daa. Dette er område som ikkje er endra frå LNF-formål. Desse områda har altså liggi inne som byggeområde i gjeldande kommuneplan.

Område:	Daa innspel	Daa endra frå LNF	Kart gjeldande kommuneplan	Kart forslag kommuneplan
3.1 Åsgardane barnehage	5	4		
3.4 Hamarstad	24	2		
3.10 Røyseskogen	17	6		
4.6 Ørterstølen	36	5		

4.9 Bualie vest	60	25		
4.18 Oset høyfjellshotell	64	-12		
7.1 Rotneim barnehage	4	0		
8.4 Øygdane barnehage	7	0		

#### 9.4 Konklusjon

For å konkludere meiner Gol kommune at det er gjort eit grundig arbeid med å greie ut konsekvensar for kvart enkelt innspel. Det er i stor grad teke omsyn til dyrka mark, dyrkbar mark, myr, friluftsliv osv.

Samla sett vurderer Gol kommune at konsekvensane av dei nye områda er moderate.

Kommuneplanen gir moglegheiter for utvikling utan at det går på bekostning av landbruk, miljø og friluftsliv.